



Rundskriv F-01-18

# Forskrift om opptak til høgre utdanning – endringar

Erstattar tidligare rundskriv F-01-17

## Rundskriv

Sjå vedlagd adresseliste

Erstattar rundskriv F-01-17

Nr.	Vår ref.	Dato
F-01-18	17/3897	31.01.2018

### Rundskriv Forskrift om opptak til høgre utdanning - endringar

Kunnskapsdepartementet fastsette 3. januar 2017 forskrift om opptak til høgre utdanning (opptaksforskrifta) med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (uhl.). Det er gjort endringar i forskrifta 11. oktober 2017 og 30. januar 2018. Det er gjort endringar i §§ 2-4,3-6, 4-2 (oktober 2017), 4-4, 4-5, 4-8, 4-9, 4-10, 5-1, 5-3 (NY), 7-9, 7-11 og 7-13 (juni 2017) i forskrifta.

Endringar som ikkje er spesielt nemnd under, skal gjelde frå og med opptak til studieåret 2018-2019.

Det er 11. oktober 2017 fastsett endring i § 4-2 om spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veteranærfag som skal gjelde frå studieåret 2019–2020. I nytt strekpunkt 8 går det fram at søkerar til 3-årig bachelorstudium i sjukepleie må dokumentere karaktergjennomsnitt på 3,0 i norsk og i fellesfaget matematikk.

Føresegne som er nemnd nedanfor er forsøksordningar som skal evaluerast. Lengda på forsøka er opplyst under kvar føresegne:

- § 4-2 om sjukepleiarutdanning ved OsloMet-Storbyuniversitetet
- § 4-4 om informatikk, realfag, miljø- og naturfag
- § 4-8 om engelskspråklege utdanningsprogram ved Noregs miljø- og biovitaklege universitet
- § 4-10 om journalistutdanning ved OsloMet-Storbyuniversitetet

Forsлага til endringar blei sende på høyring i to omgangar 14. august og 2. oktober 2017 med høyringsfrist 14. november 2017. Departementet har i tillegg gjort tekniske endringar i nokre føresegner utan offentleg høyring. Dette gjeld mellom anna nytt institusjonsnamn (OsloMet – Storbyuniversitetet).

Vi minner om fristar for ordinær høyring som er fastsett i opptakskalenderen, jf. rundskriv F05-10.

Departementet viser til at det i høyringsbrevet mellom anna er foreslått endringar i føresegna § 7-9 om tilleggspoeng for det underrepresenterte kjønnnet. Det er også gjort greie for kva som må ligge til grunn for at departementet skal kunne vurdere søknader om tilleggspoeng og/eller spesielle kvotar, jf. § 7-3 knytt til særbehandling av det eine kjønnnet. Sjå også merknader til § 7-9.

Departementet gjer merksam på at det er søknadar om endringar i forskrifa og søknadar om kvoter og unntak for/reduksjon i kvote for førstegongsvitnemål og tilleggspoeng for det underrepresenterte kjønnnet, som ikkje er innvilga. Departementet viser til at føresegna om tilleggspoeng for det underrepresenterte kjønnnet er endra og det er fastsett ny lov om *likestilling og integrering* frå 1. januar 2018. Departementet varslar no at det i løpet av dette året må gjerast ein full gjennomgang av alle fastsette spesielle kvotar med heimel i § 7-3 og tilleggspoeng for kvinner fastsett med heimel i § 7-9.

I tillegg syner departementet til at det er foreslått endringar i uhl. § 3-6 som, viss vedteke av Stortinget, vil gi utdanningsinstitusjonane moglegheit til sjølv å fastsette strengare opptakskrav til enkeltstudiar.

Departementet minner om at fastsette opptakskrav gjeld for opptak til alle grunnutdanningar, også til grunnstudium ved institusjonar som har studiar der det er lokalt opptak.

### **Kommentarar til enkelte føresegner i opptaksforskrifta**

#### **Kapittel 2 Generell studiekompetanse**

##### **Kommentarar til § 2-1 Generell studiekompetanse – Kunnskapsløftet**

Denne føresegna gjeld krav til generell studiekompetanse og rører ikkje ved fastsette føresegner om realkompetanse og dispensasjon.

Generell studiekompetanse er hovudkravet for opptak til høgre utdanning. Dei fastsette fagkrava går fram av første ledd. Fagkrava gjeld enten søkeren har vitnemål frå treårig vidaregåande opplæring, fagbrev/sveinebrev eller fyller vilkår som 23/5-søkjær.

Omgrepet *opptaksår* blir i forskrifa brukt om det kalenderåret søkeren normalt søker og får tilbod om studieplass. Dette inneber konkret at søkerne til studium med oppstart i januar, som har søknadsfrist i april eller november/desember i kalenderåret før studiestart, må oppfylle dei fastsette krava, også føresegna om alder, seinast 31. desember det året søknadsfristen går ut.

Søkerne som er 23 år eller eldre i opptaksåret, kan takast opp utan vitnemål frå vidaregående opplæring, fagbrev eller sveinebrev dersom dei kan dokumentere fem års arbeidserfaring

og/eller bestått utdanning som til saman utgjer minimum fem år («praksiskravet»). Praksiskravet blir rekna ut på grunnlag av den faktiske tida som er brukt. Det inneber at praksis tilsvarende meir enn heiltidsstilling/-utdanning ikkje kan inngå i berekninga. Deltidspraksis blir rekna om til heiltidspraksis. Skoleår, medrekna år i lære (læretid), gir utteljing som heile år.

For søkerar som er 23 år, og som skal vurderast etter den såkalla 23/5-regelen, er føresegna slik at deltsarbeid kan reknast om til heiltid, og at det skal takast omsyn til om søkeren har hatt eller har nedsett arbeidsevne. Det blir lagt til grunn at praksis og utdanning til saman ikkje kan overskride 100 prosent i same tidsrom. Det er òg ein føresetnad at søkeren kan dokumentere at dei fastsette fagkrava er oppfylte.

Nedsett arbeidsevne inneber at ein på grunn av sjukdom, skade eller lyte har fått arbeidsevna nedsett i ein slik grad at ein er hindra i å behalde eller skaffe seg heiltids- eller deltsarbeid. Dersom arbeidsevna er dokumentert delvis nedsett, er det ein føresetnad for å få full utteljing at resterande arbeidsevne har vore brukt.

Søkerar kan dokumentere nedsett eller redusert arbeidsevne med til dømes attest frå lege eller kopi av vedtak frå NAV. Opptaksorganet er pliktig til å vurdere om eventuell annan dokumentasjon kan godkjennast.

Fullførte og beståtte fag (enkeltfag) frå vidaregåande opplæring kan inngå i praksiskravet dersom desse faga har eit omfang som utgjer det samla årstimekravet til studieprogrammet som faga inngår i. Fag frå ulike studieprogram kan kombinerast, og årstimekravet følger kravet til det studieprogrammet fleirtalet av timane er tekne i. Enkeltfag utover eitt skoleår kan kombinerast tilsvarende timekravet til eit halvt års utdanning.

Det gjeld eigne overgangsreglar for søkerar med dokumentasjon frå tidlegare strukturar i vidaregåande opplæring, jf. kapittel 9.

Beståtte og dokumenterte kurs/emne i høgre utdanning kan gi utteljing i praksiskravet dersom dei til saman utgjer minst 30 studiepoeng.

Fullført og bestått fagskoleutdanning som varer i eit halvt til to år, kan takast med i berekninga av praksiskravet. Det same gjeld dokumentasjon for fullført og bestått årskurs i toårig fagskoleutdanning. Anna utdanning, til dømes forkurs til ingeniørutdanning, må vere fullført og bestått for å inngå i berekninga av praksiskravet.

Ein legg til grunn at det ikkje er stor overlapping med fag/studium som søkeren har fått godkjende som del av opptaksgrunnlaget.

Gjennomført og dokumentert introduksjonsprogram og norskprogram med samfunnskunnskap for nykomne innvandrarar kan takast med i berekninga av praksiskravet, jf. lov om introduksjonsordning og norskopplæring for innvandrarar som nyleg har komme til Noreg.

Ein legg til grunn at tenesta Samordna opptak (SO) utarbeider retningslinjer for dokumentasjonskrav i samarbeid med institusjonane.

## **Kommentarar til § 2-2 Utanlandsk utdanning**

GSU-lista er utarbeidd av GSU-utvalet og viser om utanlandsk utdanning er på nivå med norsk vidaregåande skole. Denne lista skal brukast ved opptak av søkerar med utdanningsbakgrunn frå utlandet. Søkerar med annan utdanningsbakgrunn kan ikkje påleggjast å ta fag som er oppfylte gjennom dokumentert vidaregåande opplæring frå heimlandet. Opptaksorgana skal i slike tilfelle vurdere om utdanninga til søkeren oppfyller kravet om generell studiekompetanse.

### *Krav til engelsk*

GSU-lista inneheld utfyllande informasjon om oppfylling av fagkravet i engelsk for kvart enkelt land.

### *Krav til norsk*

Søkerar med opptaksgrunnlag frå utlandet som ikkje har utdanning på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring, og som skal vurderast som 23/5-søkerar, jf. § 2-1, kan ikkje erstatte fagkravet i norsk (eller anna nordisk språk) med dokumentasjonsalternativa 2, 3, 4 eller 5 i § 2-2, eller med norsk/nordisk språk som morsmål.

Til nokre studium er det i kapittel 4 fastsett spesielle opptakskrav med karakterkrav i norsk. Dokumentasjon av norsk på grunnlag av føresegna § 2-2 (3) oppfyller ikkje karakterkrav i norsk utover bestått med karakteren 2.

Føresegna i § 2-2 (3) andre punktum er meint for søkerar som har gått heile grunnskolen i Noreg/Norden med norsk eller eit anna nordisk språk som undervisningsspråk, og som elles oppfyller krava til generell studiekompetanse med den vidaregåande opplæringa dei har frå utlandet. Søkerar som vil dekkje norskkravet på denne måten, må leggje fram vitnemål for grunnskolen og dokumentasjon som viser når søkeren har vore elev ved skolen/skolane.

## **Kommentarar til § 2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning**

Det er berre søkerar som er tekne opp til høgre utdanning etter føresegnene i kapittel 3, som kan vurderast for generell studiekompetanse etter § 2-3. Søkerar med høgre utdanning frå land utanom Noreg må dokumentere at dei er tekne opp til høgre utdanning på tilsvarande vilkår.

Delar av eit utdanningsprogram i høgre utdanning som ikkje er fullførte og bestått, gir ikkje generell studiekompetanse. Dette inneber at søkerar som er tekne opp til høgre utdanning på grunnlag av unntaksføresegnene i kapittel 3, normalt må fullføre og bestå utdanninga dei har begynt på, før dei kan få generell studiekompetanse etter § 2-3.

Kravet om dokumenterte kunnskapar i norsk gjeld for søkerar frå land utanom Norden som dokumenterer opptaksgrunnlaget ved framandspråkleg høgre utdanning. Dersom generell studiekompetanse er oppnådd med grunnlag i høgre utdanning med norsk eller anna nordisk språk som undervisningsspråk, er ikkje ytterlegare norskkunnskapar noko krav.

Søkerar som blir tatt opp til høgre utdanning med grunnlag i høgre utdanning får ikkje tilleggspoeng for dette, jf. § 7-11.

## **Kommentarar til § 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning**

Søkjarar som har fullført og bestått 2-årig fagskoleutdanning får generell studiekompetanse med grunnlag i fagskolen. Søkjarar med fagskoleutdanning frå land utanom Norden må dokumentere norsk og engelsk på same vilkår som gjeld for søkerar med vidaregåande opplæring frå desse landa. Universitet og høgskolar har plikt til å vurdere om norskkravet er oppfylt på annan måte, jf. § 2-1 tredje ledd.

Søkjarar som blir tatt opp til høgre utdanning med grunnlag i fagskoleutdanning får ikkje tilleggspoeng for dette, jf. § 7-11.

## **Generell kommentar til kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse**

Føresegne i kapittel 3 gjeld unntak frå krav om generell studiekompetanse. Dersom det er fastsett spesielle opptakskrav til eit studium, jf. kapittel 4, må desse vere oppfylte.

*Spesielt tilrettelagde studium med grunnlag i relevant fagbrev (y-veg)*

§§ 3-3, 3-7, 3-8 og 3-9 gir institusjonane høve til å tilby spesielt tilrettelagde studium med grunnlag i relevant fagbrev (y-veg).

## **Kommentarar til § 3-1 Realkompetanse**

Realkompetanse omfattar all formell, ikkje-formell og uformell kompetanse som den vaksne søkeren har. Kvar enkelt institusjon har sjølv ansvaret for vurdering og opptak på grunnlag av realkompetanse.

Søkjarar som er 25 år eller eldre, og som ikkje kan dokumentere generell studiekompetanse og heller ikkje på annan måte er kvalifiserte for eit studium, har ved opptak til studium ved universitet og høgskolar krav på å få vurdert om dei er studiekvalifiserte på grunnlag av realkompetanse.

Det er lagt til grunn at søknad er send innan fastsett frist for slike søkerar. Det er Samordna opptak som fastset fristen i den nasjonale opptaksmodellen (NOM). Kvar enkelt institusjon fastset sjølv fristar ved lokale opptak, og kan vurdere kva som er nødvendige kvalifikasjoner. Det er institusjonane sjølve som avgjer kva som er ein eigna og tenleg framgangsmåte for å vurdere realkompetanse.

Generell studiekompetanse er framleis det normale grunnlaget for opptak til høgre utdanning. Ein søker som har fått godkjent realkompetanse for opptak til eit studium ved ein institusjon, er ikkje automatisk kvalifisert for opptak til andre studium ved den same institusjonen, og heller ikkje til studium ved andre institusjonar. Opptaksorganet har plikt til å vurdere realkompetanse som svarer til dei fastsette fagkrava.

## **Kommentarar til § 3-2 Dispensasjon**

Formålet med føresegna om dispensasjon er å hindre openbert urimeleg behandling av enkeltsøkjarar. Det er lagt til grunn at denne føresegna berre skal brukast i tilfelle der heilt spesielle omsyn gjer seg gjeldande. Som for opptak på grunnlag av realkompetanse, jf. § 3-1, må det gjerast ei konkret vurdering av om studenten er kvalifisert for det studiet vedkommande søker opptak til. Det må godtgjerast at søkeren har nødvendige faglege

føresetnader for å gjennomføre det aktuelle studiet. Dokumentasjon kan til dømes vere attest fra lege, anna helsepersonell, pedagogisk-psykologisk teneste eller tilsvarande.

Føresegna gjeld berre for søkerar som er under 25 år, jf. § 3-6 tredje ledd i uhl. Det må presiserast at søkerar som fyller 25 år i opptaksåret, ikkje kan vurderast med grunnlag i føresegnene om dispensasjon. Slike søkerar som ikkje oppfyller krava om generell studiekompetanse (GSK), kan søker om realkompetansevurdering.

Vurderinga av om ein søker oppfyller vilkåra for dispensasjon, er todelt. Det vil seie at to vilkår må vere oppfylte før dispensasjon kan innvilgast:

- 1) Først må det vurderast om det ligg føre varig sjukdom, funksjonshemmning eller liknande tilstand. Dette er eit heilt avgjerande vilkår for å få innvilga dispensasjon, noko som òg går klart fram av ordlyden i føresega, jf. formuleringa «på grunn av» i første ledd.
- 2) Deretter må det vurderast om tilstanden til søkeren inneber at det ikkje har vore mogleg for søkeren å oppfylle enkelte krav til GSK.

#### **Kommentarar til § 3-3 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning**

Søkerar med relevant fagbrev/sveinebrev er kvalifiserte for opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning, utan dei fastsette tilleggskrava i matematikk og fysikk. Det er institusjonane sjølv som vurderer om dei vil leggje til rette for og tilby slik utdanning.

#### **Generell kommentar til §§ 3-4, 3-5 og 3-6**

Det må understrekast at unntak frå kravet om generell studiekompetanse berre skal gjerast i heilt spesielle tilfelle. For studium som ikkje er nemnde i desse paragrafane, gjeld normalt krav om generell studiekompetanse og eventuelle spesielle opptakskrav, jf. kapittel 4.

#### **Kommentarar til § 3-4 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte arkitekturfag og tekniske fag**

Føresegna i første strekpunkt og tredje strekpunkt gir unntak frå krav om generell studiekompetanse for integrerte masterstudium i teknologiske fag, 3-årig ingeniørutdanning og maritime fag; matteknologiutdanning for søkerar som har bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag; 1-årig forkurs for 3-årig ingeniør- og maritim utdanning. Føresetnaden er at slike forkurs har eit fagleg forsvarleg felles innhald og omfang og held eit fagleg forsvarleg nivå, jf. brev frå departementet om forkurs datert 4. november 2002 og 26. november 2008.

#### **Kommentarar til § 3-6 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfag**

Unntak frå krav om generell studiekompetanse for studium i utøvande og skapande musikk er ikkje meint å omfatte til dømes faglærarutdanning i musikk. Det er berre til studium som er lista i denne føresega i opptaksforskrifta, at det kan gjerast unntak frå kravet om generell studiekompetanse. Søkerar som ikkje kan dokumentere generell studiekompetanse, må oppfylle spesielle faglege krav som institusjonen fastset.

### **Kommentarar til § 3-7 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagde studium i akvakultur – havbruk og fiskerifag**

Søkjarar med relevant fagbrev er kvalifiserte for opptak til spesielt tilrettelagde akvakulturstudium, utan tilleggskrav. Institusjonane må sjølve informere potensielle søkerar om kva fagbrev som kan godkjennast.

### **Kommentarar til § 3-9 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagde studium i serviceleiing og marknadsføring ved Høgskolen i Innlandet**

Søkjarar med relevant fagbrev er kvalifiserte for opptak til spesielt tilrettelagt bachelorstudium i serviceleiing og marknadsføring, utan tilleggskrav. Institusjonen må sjølv informere potensielle søkerar om kva fagbrev som kan godkjennast.

### **Generelle kommentarar til kapittel 4 Spesielle opptakskrav**

For studium som ikkje er nemnde her, gjeld normalt krav om generell studiekompetanse dersom det ikkje er fastsett unntak i §§ 3-4, 3-5 eller 3-6. Statlege universitet og høgskolar og private institusjonar med institusjonsakkreditering har sjølve fullmakt til å opprette og legge ned studium, jf. uhl. § 3-3.

Departementet viser til at tilnærma like utdanningsprogram bør ha dei same opptakskrava.

Søkjarar til dei studia som er nemnde her, må oppfylle spesielle opptakskrav. Dette gjeld òg for søkerar som er innvilga unntak frå krav om generell studiekompetanse etter føresegna i kapittel 3. Spesielle opptakskrav kan som hovudregel realkompetansevurderast.

Realkompetansevurdering er ikkje aktuelt når det er stilt krav om eit bestemt fagleg nivå med forskriftsfesta karakter- eller poengkrav. Det faglege nivået på den vidaregåande opplæringa til søkeren må oppfylle desse krava.

### **Kommentarar til § 4-1 Spesielle opptakskrav i tillegg til generell studiekompetanse**

Dei spesielle opptakskrava må òg vere oppfylte av søkerar som er unntekne frå krav om generell studiekompetanse etter føresegnene i kapittel 3.

Departementet føreset at institusjonane informerer søkerane om krav til forkunnskapar utover fastsette opptakskrav.

### **Kommentarar til § 4-2 Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfg**

#### *Første punkt*

Departementet presiserer at dei fastsette opptakskrava i første punkt gjeld integrerte studium på nivå med mastergrad, dvs. studium med eit normert omfang på minimum 300 studiepoeng.

#### *Fjerde punkt*

Fram til og med opptak i 2017-2018 gjeld krava i punkt 2 for opptak til farmasi (bachelor) tidlegare reseptarutdanning.

Universitetet i Agder, Universitetet i Tromsø Noregs arktiske universitet og Høgskolen Kristiania skal nytte desse opptakskrava frå og med opptak til studieåret 2018-2019.

### *Sjuande punkt*

Karakterkrav i norsk for opptak til sjukepleiarutdanning ved OsloMet-Storbyuniversitetet er ei forsøksordning som gjeld i tre år frå og med opptak til studieåret 2017–2018. Det er lagt til grunn at dette forsøket skal evaluerast før det eventuelt blir fastsett som eit permanent krav.

### *Åttande punkt*

Karakterkrav i norsk og i matematikk for opptak til sjukepleiarutdanning skal gjelde frå og med opptak til studieåret 2019-2020.

### **Kommentarar til § 4-3 Spesielle opptakskrav til informatikk, realfag, natur- og miljøfag**

Det er fastsett spesielle opptakskrav til informatikk, realfag, natur- og miljøfag. Det er ikkje høve til å fastsetje andre opptakskrav enn dei som går fram av § 4-3. Det må presiserast at matematikk er realfag, og at dei spesielle opptakskrava òg gjeld for opptak til enkeltemne som normalt inngår i fastsette studieprogram.

I forskrifta er det lagt inn føresegner om forsøk med nye krav for opptak til realfagsstudium som skal gjelde frå og med opptak til studieåret 2018–2019. Desse krava er forsøksordningar som skal gjelde i fire år. Det er lagt til grunn at desse forsøka skal evaluerast før dei eventuelt blir fastsette som permanente krav.

Det er institusjonane sjølve som har ansvaret for å informere om kva realfag, natur- og miljøfag som skal omfattast av forsøksordninga. Departementet føreset at institusjonar informerer Samordna opptak om kva studium som skal omfattast.

Noregs miljø- og biovitaklege universitet har opplyst at dei vil vurdere å delta i forsøket på eit seinare tidspunkt. Det inneber at dei og eventuelle andre institusjonar som ønskjer det, må varsle Samordna opptak seinast innan 15. september to år før dei kan delta i det opphavleg godkjende forsøket.

Vi minner om at opptakskrava til informatikkutdanning normalt er annleis enn opptakskrava til andre utdanningar innanfor desse fagområda. Dette gjeld ikkje for Informatikk: robotikk og intelligente system ved Universitetet i Oslo frå og med opptak til studieåret 2018-2019, då dei har fått innvilga ei forsøksordning til dette studiet, jf. punkt 3 i opptaksforskrifta.

Dei spesielle opptakskrava gjeld elles for alle studium som oppfyller desse kriteria:

- *Informatikkutdanning*  
Minst halvparten av studiepoenga er i informatikk og nødvendige støttefag i realfag og teknologi.
- *Realfag, natur- og miljøfag*  
Minst halvparten av studiepoenga er i realfag, teknologifag og/eller natur- og miljøfag.

### **Kommentarar til § 4-4 Spesielle opptakskrav til arkitekturfag og teknologiske fag**

Opptakskrava for søkerar med nyare godkjend fagskoleutdanning i teknologiske fag er matematikk (R1 + R2) og fysikk 1 eller tilsvarende kunnskapar i desse faga, jf. § 4-1 andre ledd.

Det er lagt til grunn at søkerar med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag, eller tidlegare forkurs for ingeniørutdanning og maritim høgskoleutdanning, eller halvårig (eitt-semesters) realfagskurs, har matematikk- og fysikkunnskapar med eit omfang og eit nivå som minst svarer til matematikk (R1 + R2) og fysikk 1.

Søkerar som blir tekne opp til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning med grunnlag i fagbrev/sveinebrev, må dokumentere 12 månaders relevant praksis. Læretid i bedrift på minimum 12 månader oppfyller kravet til praksis så sant ho er relevant.

### **Kommentarar til § 4-7 Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar**

#### *Grunnskolelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning*

For opptak til grunnskolelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning må søkerane dokumentere minimum 35 skolepoeng og eit gjennomsnitt på minimumskarakteren 3,0 i norsk (393 timer) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timer). Desse krava gjeld òg for opptak til spesialisert grunnskolelærarutdanning, til dømes grunnskolelærarutdanning med realfag og grunnskolelærarutdanning med musikk osb., jf. § 4-1 tredje ledd bokstav g punkt 1 til 3.

Det er lagt til grunn at 5-årig lektorutdanning i real- og naturfag fell inn under § 4-3, som omfattar programfag i matematikk, og at det fastsette karakterkravet i fellesfaget matematikk ikkje gjeld for slike studium.

*Skolepoeng* for opptak til grunnskolelærarutdanning omfattar karakterpoeng (gjennomsnitt av alle karakterar på vitnemålet med to desimalar, multiplisert med 10), jf. §§ 7-5 og 7-6 og eventuelle tilleggspoeng for språk- og/eller realfag.

Karakterkravet i norsk omfattar normalt gjennomsnittet av karakterane i norsk hovudmål, sidemål og munnleg, jf. §§ 7-5.

I § 2-2 første ledd går det fram at søkerar med 3-årig vidaregåande utdanning frå dei andre nordiske landa er kvalifiserte for opptak utan tilleggskrav i norsk når utdanninga dei dokumenterer, gir generelt opptaksgrunnlag. Slike søkerar må oppfylle tilsvarende karakterkrav i eit anna nordisk språk, jf. artikkel 3 i den nordiske avtalen: "Dersom det stilles krav til særlege kvalifikasjoner eller faglige kunnskaper for å bli tatt opp til en bestemt høyere utdanning, skal utdanningssøkende fra de andre nordiske land oppfylle disse kravene på tilsvarende måte som landets egne søkerar."

For søkerar med opptaksgrunnlag frå land utanom Norden gjeld at dei må dokumentere kunnskapar i norsk med ei spesiell prøve. For opptak til grunnskolelærarutdanning og 5-årig integrert lærarutdanning skal søkeren oppfylle kravet i norsk med minimum eitt av desse krava:

1. Bestått norsk, skriftleg og munnleg, 393 timer frå vidaregåande opplæring med eit gjennomsnitt på minimum 3,0.
2. Eksamens frå trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta med minst karakteren C eller tilsvarende.
3. Fullført og bestått studium i høgre utdanning på minst 60 studiepoeng i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar med minst karakteren C eller tilsvarende.
4. Skriftleg test i norsk, høgre nivå («Bergenstesten»), med «Godt bestått» på minst éin av delprøvane eller minimum 500 poeng.
5. Bestått avsluttande prøve i norsk (norskprøven) med ferdigheiter på minimum nivå B2 i alle delferdigheiter, jf. lov 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarar (introduksjonslova) §19 andre ledd.

Forkurs i matematikk for søkerar med eit karaktergjennomsnitt på minimum 3,0 i fellesfaget matematikk, sjå òg § 5-2.

Søkerar som har minst 35 skolepoeng og eit karaktergjennomsnitt på minimum 3,0 i norsk og 3,0 i fellesfaget i matematikk, kan få tilbod om studieplass til grunnskolelærar- og lektorutdanning. Det er ein føresetnad at slike søkerar består eit spesielt tilrettelagt forkurs i matematikk før studiestart. Slike søkerar mistar studieplassen om dei ikkje består forkurset, jf. § 5-2.

#### Intervju (andre ledd)

Søkerane til lærarutdanninga kan i tillegg måtte gjennomføre ein opptaksprøve i form av eit intervju etter nærmare reglar som institusjonen fastset. Institusjonar som ønskjer å bruke intervju ved opptak til grunnskolelærar- og lektorutdanning, skal informere om dette både gjennom Samordna opptak og på eigne nettsider.

Føresegne om poeng- og karakterkrav for opptak til faglærarutdanning i praktiske og estetiske fag kjem i tillegg til dei fastsette krava om dokumenterte kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama for søkerar til faglærarutdanning i musikk, dans og drama.

#### Kommentarar til § 4-8 Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

Ved Noregs miljø- og biovitakplege universitet (NMBU) og Det teologiske menighetsfakultetet er det fastsett karakterkrav i fellesfaget engelsk ved opptak til engelskspråklege studieprogram. Dette er forsøksordning ved NMBU som gjeld frå og med opptaket 2017–2018 og som skal gå over fire år. Forsøket skal evaluerast før det eventuelt blir fastsett som eit permanent krav.

#### Kommentarar til § 4-9 Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag

Det er berre til dei studia som er lista opp i forskrifa, at det kan stillast krav om opptaksprøve utover kravet om generell studiekompetanse. Sjå òg § 3-6 om unntak frå krav om generell studiekompetanse. For opptak til studiar der det er fastsett opptaksprøve er det i nokre tilfelle fastsett alternative reglar for rangering av søkerane. Sjå merknadar til § 7-14.

## **Kommentarar til § 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag**

Ved OsloMet-Storbyuniversitetet er det fastsett karakterkrav i norsk ved opptak til journalistutdanninga. Dette er ei forsøksordning som gjeld frå og med opptaket 2017–2018. Forsøket skal gå over tre år. Det skal evaluerast før det eventuelt blir fastsett som eit permanent krav.

For opptak til studiar der det er fastsett opptaksprøve er det i nokre tilfelle fastsett alternative reglar for rangering av søkerane. Sjå merknadar til § 7-14.

## **Kommentarar til § 4-11 Desentralisert utdanning og deltidsutdanning**

Institusjonane sjølve kan fastsetje spesielle opptakskrav til desentralisert utdanning og/eller deltidsutdanning. Det kan stillast krav om inntil 5 års yrkeserfaring. Dersom det blir stilt krav om 5 års praksis, skal minimum 2 år utgjere relevant praksis.

Institusjonane kan ikkje fastsetje tilleggskrav utover yrkeserfaring og relevant arbeidspraksis.

Når eit studium er organisert som eit deltidsstudium og berre blir tilbode éin gong, er det rimeleg at det er fastsett krav om at søkerane skal ha tilknyting til utdanningsstaden. I slike tilfelle må ikkje det geografiske området definerast slik at grensene kan opplevast som vilkårlege. Opptaket bør heller ikkje avgrensast til søkerar frå éin eller eit fåtal kommunar.

## **Kapittel 5 Opptak på visse vilkår**

### **Kommentarar til § 5-1 Opptak på visse vilkår**

Det skal gå fram av dokumentasjonen frå den vidaregåande skolen at spesielle forhold som er nemnde i andre ledd, var årsak til fråværet ved eksamen i eitt eller fleire spesifiserte fag, og at dette er grunnen til at eleven ikkje har fått dokumentasjon på fullført og bestått opplæring.

Attest for fråværet skal sendast til opptaksorganet saman med annan dokumentasjon som gjeld opptaket.

Dersom resultatet av utsett eksamen i eit fag ligg føre før opptak til høgre utdanning, kan ikkje institusjonen gi opptak på vilkår.

Opptaksforskrifta § 5-1 (1) stiller krav om at utsett eksamen må vere bestått i løpet av første semester etter opptak. Retten til utsett eksamen i vidaregående opplæring er ikkje tidsavgrensa til semesteret etter, men i opptaksforskrifta er det sett opp ei slik avgrensing. Forskrift til opplæringslova § 3-35 stiller krav om at eleven må gå opp til første etterfølgjande eksamen. Det går fram av forskrift til opplæringslova § 3-35 (1) at elevar som har dokumentert fråvær ved eksamen (ordinær, særskild eller ny eksamen), har rett til å gå opp til første etterfølgjande eksamen og samtidig behalde standpunktcharakteren i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, fell standpunkturderinga bort, og eksamen må då takast som privatist, jf. § 3-35 (2).

### **Kommentarar til § 5-2 Opptak til grunnskolelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning**

Forkurs i matematikk for søkerar med eit karaktergjennomsnitt på minimum 3,0, sjå òg § 4-7.

For opptak til grunnskolelærarutdanning og lektorutdanning kan det givast førebels opptak til søkerar som kan dokumentere minimum 35 skolepoeng og eit karaktergjennomsnitt på minimum 3,0 i norsk og 3,0 i fellesfaget matematikk. Det er lagt til grunn at slike søkerar skal rangerast på grunnlag av skolepoeng. Dei som består eit spesielt tilrettelagt forkurs ved eit universitet eller ein høgskole som tilbyr desse utdanningane, får endeleg opptak. Søkerar som begynner på forkurset, men ikkje består den avsluttande prøven, og som har søkt andre studium enn lærar- og lektorutdanning, skal få tilbod om studieplass på det høgast prioriterte studiet som dei var kvalifiserte for og ville fått tilbod om i hovudopptaket.

### **Kommentarar til § 5-3 Opptak på visse vilkår for søkerar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk**

Institusjonar som tilbyr årskurs i norsk for søkerar frå land utanom Norden og der søkerane må sökje om studentvisum, kan gi søkerar tilbod om studieplass på eit planlagt ordinært studium, og så gi desse søkerane utsett studiestart til året etter, på vilkår av at dei fullfører og består årskurset i norsk. Norsk inngår normalt i opptakskrava til ordinære studiar.

## **Kapittel 6 Politiattest ved opptak til høgre utdanning**

### **Kommentarar til § 6-1 Generelt**

Første ledd:

Denne føresegna markerer at kravet om barneomsorgsattest berre gjeld utdanningar der studentar kan komme i kontakt med mindreårige som ein del av klinisk undervisning eller praksisstudium, jf. lov om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten av 28. mai 2010 nr. 16 (politiregisterlova) § 39. Politiattest etter den sistnemnde føresegna kan berre brukast for å stengje fysiske og juridiske personar ute frå stilling, aktivitet eller annan funksjon dersom dette kan hindre at personar utøver overgrep mot eller har skadeleg innverknad på mindreårige. Vidare kan politiattest brukast dersom utestenging bidreg til å auke tilliten til at mindreårige blir tekne hand om av skikka personar, jf. politiregisterlova § 37 første ledd nr. 4.

Med mindreårige er meint barn som ikkje er myndige, altså er under 18 år.

Departementet legg til grunn at det i dei utdanningane der ein student kan komme i kontakt med utviklingshemma eller andre sårbare grupper, òg kan vere mogleg for studenten å komme i kontakt med mindreårige, slik at utdanninga er omfatta av kravet om barneomsorgsattest. Vi viser til merknadene til § 6-1 andre ledd om politiattest etter profesjonslovgivinga.

Føresegna medfører at personar med merknader på politiattesten kan vere utestengde frå praksisstudium og klinisk undervisning på livstid fordi merknaden aldri vil bli sletta. Merknad på politiattesten fører likevel ikkje automatisk til tap av rett til å delta i praksisstudium/klinisk undervisning, då nemnda skal vurdere dette i kvart enkelt tilfelle.

Universitets- og høgskolerådet (UHR) definerte «praksisstudier» i samband med kartlegging av desse i 2010: "Praksisstudier kjennetegnes av at studenten for en tidsbestemt periode befinner seg i en situasjon hvor han/hun skal arbeide omtrent som en yrkesutøver. Kravene til oppgaver, omfang og utførelse vil være ulike avhengig av hvor i studieløpet studenten

befinner seg. [...] Situasjonen er som oftest kjennetegnet av at praksisstudiene gjennomføres utenfor utdanningsinstitusjonens egen ramme, og at en fagperson på praksisstedet er veileder." (Frå UHRs brev om profesjonsutdanningane 22.6.08.)

Andre ledd:

Ei rekje lover inneholder krav om politiattest for visse typer yrkesutøving, og desse krava gjelder tilsvarende for studentar på utdanningar som fører fram til yrket.

Dette gjelder mellom anna:

- lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100 § 6-10
- lov om helsepersonell mv. av 2. juli 1999 nr. 64 § 20 a
- lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 § 10-9
- lov om Den norske kirke av 7. juni 1996 nr. 31 § 29
- lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. av 21. juni 2013 nr. 82 § 5-2

Helse- og lærarutdanning er dei to store utdanningsområda når det gjelder deltagning i praksis- og klinisk undervisning for studentane. Desse utdanningane fører til yrke som er omfatta av profesjonslovgiving med krav om politiattest, mellom anna lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 (opplæringslova) og lov om helsepersonell av 2. juli 1999 nr. 64 (helsepersonellova). Begge lovane viser i dag til politiregisterlova § 39, og begge har føresegner om at personar er utestengde frå yrket dersom dei er dømde for seksuelle overgrep.

Etter helsepersonellova § 20a første ledd skal helsepersonell som skal yte helse- og omsorgstenester til barn, leggje fram politiattest som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd. Helsepersonell som skal yte helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming, skal leggje fram politiattest som viser om vedkommande er sikta, tiltalt, gitt førelegg eller dømd for brot på føresegner i straffelova om seksualbrotsverk, jf. helsepersonellova § 20a andre ledd. Brot skal noterast på ein uttømmande politiattest, jf. politiregisterlova § 41 nr. 1. Plikta etter første og andre ledd omfattar ikkje personell som berre sporadisk yter slike tenester, og som til vanleg ikkje er åleine med barn eller personar med utviklingshemming. Den som har vedteke førelegg eller er dømd for seksualbrotsverk, er utestengd frå å yte helse- og omsorgstenester til barn eller personar med utviklingshemming.

Etter opplæringslova § 10-9 må den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller vidaregående skole, i musikk- og kulturskolen etter § 13-6, i skolefritidsordninga etter § 13-7 eller for å gi leksehjelp etter § 13-7 a, leggje fram politiattest med tilsvarende innhald som er nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd. Kravet gjelder også for personar som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande aktivitetstilbod. Skoleliknande aktivitetstilbod vil seie aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknyting til skolen som har karakter av opplæring. Skoleeigaren kan også kreve politiattest som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd av andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen, i vidaregående skole eller i tilbod som nemnt i første ledd. Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikke tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga, for å gi leksehjelp eller i skoleliknande aktivitetstilbod som nemnt i første ledd. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.

Andre utdanninger enn lærar- og helseutdanninger har òg praksisstudium og klinisk undervisning, til dømes teologiutdanning, som kvalifiserer for presteteneste i Den norske kyrkja og er relevant for preste- og pastorteneste i andre kyrkjer og trussamfunn. Etter kirkelova § 29 andre ledd kan lovpålagde organ i Den norske kyrkja krevje framlagt barneomsorgsattest som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd av person som lønna eller ulønna skal tilsetjast, utføre oppgåver eller ha tillitsverv der vedkommande vil ha omsorg for eller oppgåver knytte til mindreårige. Av kommentarane til lova går det fram at det er opp til det aktuelle organet å vurdere om det skal krevjast framlagt politiattest i konkrete tilfelle. Kyrkjelege instansar har utarbeidd retningslinjer for praktiseringa av føresegna i Den norske kyrkja. Etter retningslinjene må barneomsorgsattest leggjast fram ved tilsettjing. Her bør utdanningsinstitusjonane stille dei same krava som for yrkesutøvinga, slik at utdanningsinstitusjonane ikkje utdanner folk som mest sannsynleg ikkje kan utøve yrket sitt når dei er ferdige med utdanninga.

Formålet med det samla regelverket om politiattest er eit heilskapleg system for politiattestar. For at dette målet skal realiserast, er det viktig at krava til politiattest for studentar ikkje er strengare enn det som følgjer av profesjonslovgivinga. I utdanninger der studenten verken kjem i kontakt med mindreårige eller brukargrupper som er omfatta av profesjonslovgivinga, er det heller ikkje høve til å stille krav om politiattest etter universitets- og høgskolelova og opptaksforskrifta.

Tredje ledd:

Det er viktig å merkje seg at det ikkje er den enkelte utdanningsinstitusjonen som skal «bestemme» kva for utdanninger som krev politiattest. Det kvar enkelte av utdanningsinstitusjonane skal vurdere, er om utdanningane dei tilbyr, er omfatta av kravet i politiregisterlova § 37 første ledd nr. 4, eller av andre krav om politiattest i profesjonslovgivinga.

I vurderinga av om utdanninga er omfatta av kravet om barneomsorgsattest i første ledd, er ordlyden i lova, "kan komme i kontakt med mindreårige", rettleiande. Denne inneber at det i vurderinga av om eit studium krev framlegging av politiattest, ikkje er nødvendig at studenten heilt sikkert vil komme i kontakt med mindreårige. Det er nok at det kan tenkjast at studenten i samband med praksisstudium eller klinisk undervisning kan komme i kontakt med og i situasjonar saman med den mindreårige der overgrep kan finne stad. Det er likevel viktig å hugse på at krav om politiattest er eit inngripande tiltak. Det må derfor ikkje stillast krav om politiattest i situasjonar der det openbert er unødvendig. Dersom eit studium ikkje har praksis eller klinisk undervisning som ein obligatorisk del av utdanningsløpet, er det at studenten kan komme til å velje praksisopplæring eller klinisk undervisning i framtida, ikkje tilstrekkeleg til å krevje politiattest ved opptak til studiet. Utdanningsinstitusjonane kan likevel krevje at studenten legg fram politiattest dersom han/ho seinare i utdanningsløpet bestemmer seg for å velje praksis eller klinisk undervisning der han/ho kan komme i kontakt med mindreårige. I vurderinga av om studiet er omfatta, kan det takast omsyn til forarbeida til helsepersonellova, Ot.prp. nr. 86 (2005-2006), punkt 2.6.5.3, der det mellom anna heiter: "Det overordnende vurderingstema vil uansett ansettelsesforhold, være hvorvidt personellet ved utøvelsen av sitt arbeid kan komme i situasjoner med barnet eller den utviklingshemmede hvor seksuelle overgrep kan finne sted."

Fjerde ledd:

Utover informasjon om politiattest i brev med tilbod om studieplass er det opp til institusjonane å vurdere korleis dei vil gi informasjon til studentane om studia og om eit eventuelt tilhøyrande krav om politiattest. Dette kan til dømes formidlast på nettsider og i studiekatalog. I alle tilfelle er det viktig at studenten er informert om kravet om å levere politiattest før han/ho søker om studieplass.

For studium som har opptak via Samordna opptak (SO), skal informasjon om krav om politiattest vere tilgjengeleg på nettsidene til SO.

Brev med tilbod om studieplass må innehalde punkta nedanfor.

- Identifikasjon av søker: anten namn og fødselsnummer (11 siffer) eller fullt namn, folkeregistrert adresse og fødselsdato. Dersom tilbodsbriefet blir sendt søkeren per e-post, må personnummeret utelastast frå brevet.
- Identifikasjon av studiet: kva studium vedkommande er teken opp til. Det er ikkje tilstrekkeleg med kode for studium.
- Identifikasjon av studiestaden: namn på utdanningsinstitusjonen.
- Heimel for krav om politiattest: For politiet er det tilstrekkeleg at det i tilbodsbriefet er nemnt at studenten kan komme i kontakt med mindreårige, og at politiattest derfor skal utferdast med heimel i uhl § 4-9 første ledd andre punktum, jf. opptaksforskrifta § 6-1 første ledd, jf. politiregisterlova § 39. Dersom det er aktuelt å utferde politiattest tilsvarende som for det yrket studenten utdannar seg til, er det viktig at det i tilbodsbriefet er vist til dei særlege reglane om politiattest for bestemte typar yrkesutøving som gjeld tilsvarende for studenten, jf. uhl § 4-9 andre ledd andre punktum og forskrifta § 6-1 andre ledd.

### **Kommentarar til § 6-2 Utferding av politiattest**

Politiregisterlova skal medverke til at politiet og påtalemakta kan løyse oppgåvene sine effektivt; vidare skal ho tryggje personvernet og sikre at den enkelte kan vite på førehand kva behandlinga av opplysninga kan innebere. Av særleg interesse er kapittel 7 i lova, om vandelskontroll og attestar, og del 8 i den tilhøyrande forskrifta, om vandelskontroll mv. Kapittel 7 tek mellom anna for seg utlevering av opplysningar, formål som rettferdiggjer bruk av politiattest, saksbehandlingsreglar og teieplikt, mens kapittel 8 i forskrifta mellom anna handlar om butid, ulike typar politiattest og fornya vandelskontroll.

### **Kommentarar til § 6-3 Tidspunktet for framlegging av politiattest**

Første ledd:

Fristen for å sende inn politiattest etter første ledd er 3 veker frå søkeren får tilsegn om plass ved ei utdanning. Dette er lengre enn fristen som er sett for å ta imot utdanningsplassen. Trass i behovet for rask avklaring av spørsmålet om eventuelle merknader på politiattesten er det viktig å stille realistiske krav til studenten. Ettersom politiet har ei saksbehandlingstid på 14 dagar, vil ein kortare frist enn 3 veker truleg bli broten i og med at ein òg må rekne med postgang.

Andre ledd:

Med "fastsett utdanningsstart" i andre ledd er meint utdanningsstart på utdanninga der studentane har fått tildelt plass.

Tredje ledd:

Føresegna gjeld søkerar som blir tekne opp i suppleringsopptak anten i regi av Samordna opptak eller i regi av institusjonane sjølve.

### **Kommentarar til § 6-5 Fornya vandelskontroll**

I forarbeida til politiregisterlova § 43 går det fram at det ikkje er opna for fornja vandelskontroll gjennom utferding av fornja politiattest med nærmare fastsette tidsintervall, jf. Prop. 114 L (2012-2013). I staden får brukarane av tidlegare utferda politiattest, det vil seie utdanningsinstitusjonar, arbeidsgivarar og liknande, høve til å få utlevert nye opplysningar frå politiet i samsvar med heimelsgrunnlaget for den opphavlege attesten. Føresegna handlar om dei tilfella der politiattest tidlegare er utferda, men der brukaren av opplysningane, til dømes ein arbeidsgivar, eller i vårt tilfelle ein utdanningsinstitusjon, har fått tilgang til informasjon som gir grunn til å tru at det ligg føre nye opplysningar som er viktige for innhaldet i politiattesten.

Eit grunnvilkår for å bruke denne føresegna er at den det gjeld allereie har levert politiattest. I tillegg må dei nye opplysningane som eventuelt skal leverast, vere avgrensa til dei straffbare forholda som kan utleverast ifølgje heimelsgrunnlaget for attesten. Dersom heimelen til dømes er avgrensa til seksuelle overgrep mot barn, kan ikkje politiet gi opplysningar om eventuelle andre straffbare forhold. Føresegna opnar for at arbeidsgivaren eller utdanningsinstitusjonen (altså brukaren) kan få opplysningar med heimel i politiregisterlova § 43. Føresegna kan ikkje nyttast til rutinekontroll av studentar. Det er ikkje høve til å pålegge studentane å innhente nye opplysningar.

Dersom det ikkje ligg føre nye opplysningar, seier politiet munnleg frå om dette til utdanningsinstitusjonen, og saka blir avslutta.

Ved byte av studiestad blir den nye utdanningsinstitusjonen ein ny brukar og kan krevje ny politiattest framlagd. Ved byte til ei utdanning som krev ein annan type attest enn den opphavlege, må det leggjast fram ny attest i samsvar med det nye heimelsgrunnlaget.

Som nemnt ovanfor er formålet med det samla regelverket å få eit heilskapleg system for politiattestar. I den samanhengen er det viktig at krava til politiattest for studentar ikkje er strengare enn profesjonslovgivinga. Til dømes har ikkje helsepersonellova og opplæringslova særskilde reglar om fornja politiattest. Vi viser her til brev til Kunnskapsdepartementet frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD) datert 19. november 2013 som svara på spørsmål frå Kunnskapsdepartementet om korleis JD såg på diverse problemstillingar i samband med politiattestar. Den eine problemstillinga handla om dei tilfella der praksisstadene krev politiattest som ikkje er eldre enn tre månader, sjølv om studenten ved studiesstart har lagt fram politiattest med same innhald. JD påpeikte at dei ikkje har ansvaret for dei profesjonslovene som inneheld krav om politiattest, men at dei likevel ønskte å kommentere spørsmåla på prinsipielt grunnlag. JD skreiv mellom anna: "I de tilfellene der kravet til vandelskontroll ved praksis er sammenfallende eller mindre omfattende enn vandelskontrollen ved opptak, synes det ikke å være godt begrunnet at det utføres ny vandelskontroll når studenten skal ut i

praksis. Vi vil her også minne om at begrunnelsen for innføring av vandelskontroll i ulike studier var nettopp at disse studentene vil gå ut i praksis og derved være i samme situasjon som de tilsatte. Det generelle kravet om at politiattester ikke skal være eldre enn tre måneder tar sikte på tilsettingssituasjoner i angeldende institusjon. Dersom for eksempel en helsearbeider flyttes fra en avdeling til en annen avdeling innenfor samme institusjon, vil man ikke foreta ny vandelskontroll. Vi mener at disse situasjonene kan sammenlignes med studenter som har praksis på ulike steder under utdanningen." JD meiner derfor at det ikkje bør gjennomførast ny vandelskontroll i dei nemnde tilfellene. JD påpeikte at når vandelskontrollen ved studiestart er tilstrekkeleg, vil dette vere ressurssparande for politiet, samtidig som studentane slepp å be om nye attestar ei rekke gonger i løpet av studietida.

Politiet har høve til å utlevere opplysningar av eige tiltak for å hindre eller slå ned på kriminalitet. Politiet kan blant anna utlevere opplysningar til offentlege organ for å førebyggje lovbro. Dette fylgjer av politiregisterlova § 27.

### **Kommentarar til § 6-6 Følgjer av at politiattest ikkje blir lagd fram**

Første ledd:

Ettersom det berre er søker/studenten sjølv som kan innhente politiattest, og som veit kva politiattesten inneheld, er ei slik sanksjonsmogleheit nødvendig.

Andre ledd:

Dette er ei snever unntaksføresegn som må praktiserast strengt. Unntak frå hovudregelen må vere grunngitt med forhold som studenten ikkje rår over og ikkje kan lastast for. Slike forhold må vurderast konkret i kvart tilfelle, og det må i vurderinga takast omsyn til tryggleiken til dei mindreårige og andre sårbare grupper som reglane skal beskytte.

### **Kommentarar til § 6-7 Følgjer av at studenten ikkje kan delta i praksisstudium / klinisk undervisning**

Hovudkonsekvensen av at ein student ikkje får delta i praksis eller klinisk undervisning, er presisert her. Ein student som held fram på ei utdanning utan å delta i obligatoriske praksisstudium eller klinisk undervisning, vil ikkje få vitnemål for fullført utdanning. Det at studenten ikkje får delta i praksis og klinisk undervisning, kan òg få andre konsekvensar, som at studenten ikkje får gå opp til eksamen i enkelte fag fordi dei obligatoriske arbeidskrava ikkje er oppfylte.

### **Kommentarar til § 6-8 Behandling av politiattesten med merknad**

Første ledd:

Leddet viser til uhl § 4-9 sjuande ledd, som seier at studentar har rett til advokathjelp i saker om utestenging. Studenten har rett til hjelp frå saka er reist, jf. § 4-9 femte ledd. I dette tilfellet må det vere frå det tidspunktet 14-dagarsfristen for uttale til nemnda tek til å gå. Institusjonen dekkjer utgiftene til advokathjelp.

Andre ledd:

For å sikre god kvalitet og effektiv behandling av denne typen saker, også av omsyn til studenten sjølv, pålegg forskrifta søker/studenten plikt til å medverke til at saka blir tilstrekkeleg opplyst, ved å legge fram dokumentasjon for institusjonen om forhold som ligg

til grunn for eventuelle merknader på politiattesten. Dette omfattar all nødvendig dokumentasjon, til dømes utskrift av sikting, tiltale, førelegg og dom.

Før slik dokumentasjon er lagd fram, dersom den finst, har ikkje studenten rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisstudium.

Tredje ledd:

Behandlinga av politiattest med merknader må underleggjast forsvarleg saksbehandling i tråd med reglane for forvaltingslova og god forvaltingsskikk. Institusjonen må sjå til at saka er best mogleg opplyst, og skal derfor sørge for at relevante dokument som ligg til grunn for merknadene, ligg føre ved behandlinga av saka, jf. òg den plikta studenten har til å medverke til å hente inn nødvendig dokumentasjon etter andre ledd. Institusjonen må òg sørge for at studenten får høve til å kommentere merknaden på politiattesten.

Den vurderinga institusjonen gir av merknaden på politiattesten, skal vere ei konkret, heilskapleg vurdering av dei forholda som ligg til grunn for merknaden på politiattesten, typen praksis eller klinisk undervisning og andre forhold som gjeld studenten eller studiesituasjonen hans/hennar.

Både 10-dagarsfristen og 14-dagarsfristen er absolutte.

Fjerde ledd:

Firevekersfristen nemnda har til å behandle saka, er absolutt. Fristen er sett fordi både student, utdanningsinstitusjon og praksisinstitusjon har behov for ei rask avgjerd.

Før klagenemnda for institusjonen har gjort vedtak i saka, har ikkje studenten rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisstudium ved den aktuelle utdanninga. I avveginga mellom omsynet til studenten og utdanningsløpet hans/hennar og omsynet til tryggleiken til dei mindreårige og dei andre sårbare gruppene reglane skal beskytte, veg det sistnemnde tyngst.

Femte ledd:

Nemnda skal gi ei heilskapsvurdering der ho ser på typen praksis eller klinisk undervisning, det vil seie innhaldet i studiet/undervisninga og kva grupper undervisninga rettar seg mot, og opplysningane om dei forholda som ligg til grunn for politiattesten. Det må òg takast omsyn til om studenten er gitt førelegg, sikta, tiltalt eller dømd.

Åttande ledd:

Etter politiregisterforskrifta § 37-2 skal politiattesten oppbevarast utilgjengeleg for utedkommande. Politiattesten kan oppbevarast så lenge formålet med politiattesten krev det, men ikkje utover tidspunktet då vedkommande sluttar på studiet som gav grunnlag for vandelskontroll. Politiattest som ikkje lenger er nødvendig for formålet, skal slettast. Offentlege mottakarar skal slette politiattesten i samsvar med politiregisterforskrifta § 16-2 andre ledd nr. 2.

## Kommentarar til § 6-9 Teieplikt

Det følgjer av forvaltingslova (fvl) og går òg fram av uhl § 7-6 at føresegnene om teieplikt i fvl. §§ 13 til 13e gjeld for universitet og høgskolar. Meir informasjon om kva type opplysningar som er omfatta av fvl. § 13, går fram av Rettleiar til offentleglova side 78 til 82.

## **Generelle kommentarer til kapittel 7 Rangering av søkerar ved opptak**

Føresegne om rangering av søkerane gjeld for opptak til all grunnutdanning, også lokale opptak og opptak til private høgskolar sjølv om desse ikkje deltek i den nasjonale opptaksmodellen (NOM) gjennom Samordna opptak.

### **Kommentarar til § 7-1 Generelt om rangering og kvotar**

Dokumentasjon av fag som gir tilleggspoeng, kan inngå i den dokumentasjonen som gir grunnlag for rangeringa.

Det blir presisert at ved rangering etter alder, jf. fjerde ledd, skal eldre søkerar gå framfor yngre søkerar.

### **Kommentarar til § 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote**

Med heimel i § 7-2 femte ledd kan departementet frita enkelte studium frå kravet om kvote for søkerar med førstegongsvitnemål. Ved studium som ikkje er lista opp, skal 50 prosent av studieplassane tilbydast søkerar som oppfyller kriteria for denne kvoten.

Det blir presisert at alle studium som ikkje er nemnde her, også studium med opptaksprøve som heile eller delar av rangeringsgrunnlaget, jf. § 7-14, skal ha 50 prosent kvote for søkerar med førstegongsvitnemål.

Desse studia er unntakne frå kvote for førstegongsvitnemål:

- desentraliserte utdanninger og/eller deltidsutdanninger med minst eitt års yrkespraksis som spesielt opptakskrav. Dette gjeld likevel berre for utdanninger der lærestaden med heimel i § 4-11 har fastsett spesielt opptakskrav om minst eitt års yrkespraksis.
- yrkesfaglærarutdanning
- trafikklærarutdanning
- studium ved Rudolf Steinerhøyskolen
- teknisk bygningsvern og restaureringsarbeid
- utøvande tradisjonshandverk

For vidaregåande opplæring som er avslutta våren 2009 eller seinare, er det 9. juli 2007 i forskrift til lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova) § 3-43 fastsett kriterium for kva krav som gjeld for at elevar/privatistar kan få utferda førstegongsvitnemål.

### **Kommentarar til § 7-3 Spesielle kvotar**

Det er fastsett spesielle kvotar for desse studia:

- *Ingeniørutdanning (bachelor)*

Inntil 20 prosent av studieplassane kan setjast av til søkerar med godkjent eittårig forkurs med full fagkrets. Søkerane blir poengberekna på grunnlag av karakterpoengsum frå forkurset, jf. § 7-4. Det blir ikkje gitt tilleggspoeng. Søkerar som ikkje blir tekne opp i kvoten, konkurrerer vidare om andre studieplassar med grunnlag i forkurset og eventuell tilleggsdokumentasjon som gir grunnlag for tilleggspoeng.

- *Journalistutdanning*

Inntil 10 prosent av studieplassane kan setjast av til søkerar som dokumenterer minst ½ års relevant arbeidspraksis i fulltidsstilling.

Det er fastsett spesielle kvotar for enkelte studium ved desse institusjonane:

Ved UiT Noregs arktiske universitet:

- *Akvakultur, fiskerifag og fiskehelse*

1 studieplass for samiske søkerar.

- *Rettsvitskap*

67 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. 3 studieplassar skal setjast av til samiske søkerar.

- *Odontologi*

60 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål og inntil 2 studieplassar til samiske søkerar.

- *Integrert master i teknologiske fag*

50 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. Det skal vere 50 prosent kvote for søkerar med førstegongsvitnemål innanfor kvoten og 5 prosent kvote for samiske søkerar.

- *Medisin*

60 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 8 av desse studieplassane er reserverte for søkerar frå Nord-Troms og Finnmark. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. Inntil 2 studieplassar skal setjast av til samiske søkerar.

- *Farmasi*

50 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål og inntil 2 studieplassar til samiske søkerar.

- *Andre helsefaglege utdanninger*

80 posent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. Innanfor denne kvoten er det ein kvote på 10 prosent for samiske søkerar. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål.

I denne samanhengen omfattar Nord-Noreg fylka Nordland, Troms og Finnmark.

Ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet:

- *DataTeknikk (integrert master)*

30 studieplassar for kvinnelege søkerar.

- *Kommunikasjonsteknologi (integrert master)*

15 studieplassar for kvinnelege søkerar.

Ved Noregs idrettshøgskole:

- *Bachelor i sports management/idrett og samfunn*
- *Bachelor i trening, helse og presentasjon*
- *Bachelor i trenerrollen og idrettspsykologi*

10 studieplassar kan tilbydast søkerar innstilte av Norges Idrettsforbund.

Ved Noregs miljø- og biovitkskaplege universitet:

- *Veterinærstudiet*

1 studieplace for samisk søker.

Ved OsloMet - Storbyuniversitetet:

- *Journalistutdanning*

Inntil 5 studieplassar for søkerar med minoritetsbakgrunn.

Ved Høgskolen i Innlandet:

- *Fjernsynsteknikk*

2 studieplassar for samiske søkerar.

Ved Noregs teknisk-naturvitkskaplege universitet:

- *Sosionomutdanning*

Inntil 20 prosent av studieplassane skal setjast av til søkerar med interkulturell/internasjonal erfaring.

Ved Universitetet i Stavanger:

- *Hotelleiing*

Inntil 50 prosent av studieplassane skal setjast av til søkerar som dokumenterer minst eitt års relevant praksis.

### **Kommentarar til § 7-4 Poengbereking av søkerar med meir enn eitt grunnlag for rangering**

For å kunne bli vurdert både som såkalla 23/5-søker og på grunnlag av treårig vidaregåande opplæring må søkeren kunne poengbereknast på begge måtene, jf. §§ 7-5 og 7-6.

### **Kommentarar til § 7-5 Karakterpoeng for søkerar med 3-årig vidaregåande opplæring**

For høgaste nivå i fellesfag viser vi til føringsreglar for vitnemål som Utdanningsdirektoratet fastset.

Departementet har overført mynde og ansvar for fastsettjing av omrekningstabellar til Samordna opptak, unrateke International Baccalaureate (IB) og fransk baccalauréat. CERES har òg ansvar for å gjere tabellane kjende.

Desse tabellane skal brukast ved opptak til høgre utdanning.

### **Kommentarar til § 7-7 Karakterforbetingar**

Søkerar som får førstegongsvitnemål etter to år i vidaregåande opplæring, kan bruke det påfølgjande året til eventuelle karakterforbetingar og framleis bli vurderte i kvote for førstegongsvitnemål, jf. § 7-2.

### **Kommentarar til § 7-8 Tilleggspoeng for realfag og framandspråk frå vidaregåande opplæring**

Tilleggspoeng for realfag og framandspråk blir berre gitt for fag som er tekne i vidaregåande opplæring.

Tilleggsspoeng for framandspråk gjeld for søkerar som vel programfag framandspråk, eller som tidlegare har teke eit tredje framandspråk i tillegg til det obligatoriske framandspråket. Elevar som vel gresk 1, gresk 2, latin 1 og latin 2 i vidaregåande opplæring, får 0,5 tilleggsspoeng for kvart av desse programfaga.

Legg spesielt merke til at føresegna ikkje omfattar tilleggsspoeng for obligatorisk framandspråk (fellesfag) og heller ikkje programfag engelsk.

### Kommentarar til § 7-9 Tilleggsspoeng for det underrepresenterte kjønnet

Departementet viser til at det er gjort endringar i denne føresegna. Institusjonar og/eller fagmiljø som meiner at det er naudsynt å bruke tilleggsspoeng eller kvote for å styrke kjønnsbalansen og auke andelen av det kjønn som er sterkt underrepresentert i yrke eller studiar, må dokumentere og grunngi søknad. Departementet minner om at positiv særbehandling inneber at det foretas eit bevisst val om å gi representantar frå det eine kjønn eit gode som det anna kjønn ikkje får. Siktemålet er å oppnå større grad av likskap mellom kjønna på eit overordna nivå for å jamne ut strukturelle forskellar i samfunnet. Dette kan bidra til at det over tid oppstår ønska endringar i samfunnsstrukturer og mindre diskriminering av individ. Positiv særbehandling kan skape debatt, fordi det på individnivå kan opplevast som urettferdig at eit kjønn vert kvotert inn i ei utdanning på kostnad av ein student frå det motsette kjønn med høgare konkurransespoengsum.

Ein søknad om tilleggsspoeng og eller spesielle kvoter for det underrepresenterte kjønnet, jf. § 7-3 vil kunne innvilgast for ein avgrensa periode på 5 år, jf. høyringsbrev av 14. august 2017. Søknaden må omfatte følgjande:

- Kvifor ein vil ha tilleggsspoeng eller kvotar, mellom anna kva ubalansen i fordeling av kjønn skuldast, kvifor det er viktig med jann balanse, kva effekt ein kan forventa.
- Kva slags tiltak som tidlegare er blitt vurdert og/eller prøvd ut.
- Kva er kjønnsbalansen på studiet og i yrket no?
- Veit ein noe om kva som er årsaka til skeiv kjønnsbalanse?
- Kvifor er det viktig med god kjønnsbalanse i den aktuelle utdanninga?
- Er det forhold i samfunnet eller i arbeidslivet eller blant brukarar som bør ivaretakast?
- Institusjonane må sjølve legge fram forventa effekt av å gje eit eller to kjønnsspoeng.
- Kor mykje vil kjønnsandelen endre seg?
- Søknader skal angi start og sluttspunkt for tiltaket.

Institusjonar og fagmiljø må i 2018 i lys av ny føresegnd om tilleggsspoeng og tidsavgrensinga som er lagt inn, vurdere og evaluere om det er grunnlag for å vidareføre tilleggsspoeng som er fastsett med heimel i den tidlegare føresegna. For opptak til studieåret 2018 -2019 vil følgjande fortsatt gjelde:

Kvinnelege søkerar får 2 tilleggsspoeng ved opptak til desse studia:

- *Ingeniørutdanningar (bachelor)* med unntak av linje for kjemi
- *Landbruksutdanningar*
- *Maritime høgskoleutdanningar*
- *Integrerte masterstudium i teknologi og ingeniørfag ved NTNU i*
  - *ingeniørvitenskap og IKT*

- *marin teknikk*
- *produktutvikling og produksjon*
- *elektronisk systemdesign og innovasjon*
- *kybernetikk og robotikk*
- *kommunikasjonsteknologi*
- *datateknologi*
- *fysikk og matematikk*
- *materialteknologi*

For ein avgrensa periode på 5 år, frå og med opptak til studieåret 2018-2019 får mannlege søkerar 2 tilleggsSpoeng ved opptak til desse studia:

- *Veterinærutdanning* ved Noregs miljø- og biovitakaplege universitet
- *Dyrepleiarutdanning* ved Noregs miljø- og biovitakaplege universitet
- *Sjukepleiarutdanning* ved Universitetet i Agder og Lovisenberg diakonale høgskole

#### **Kommentarar til § 7-10 TilleggsSpoeng for alder**

§ 4-11 gir institusjonane fullmakt til sjølve å fastsetje krav om inntil 5 års yrkeserfaring for desentralisert og/eller deltidsorganisert utdanning. Ved utdanningar der det er stilt krav om fleire års yrkeserfaring, skal alle søkerane i tråd med tidlegare føresegner få tilleggsSpoeng for alder frå og med det året dei fyller 24 år. Elles gjeld dei rangeringsreglane som er fastsette for denne typen studium.

#### **Kommentarar til § 7-11 TilleggsSpoeng for høgre utdanning, fagskole, eit år på folkehøgskole, sivilteneste eller militær førstegongsteneste**

Søkerar kan maksimalt få 2 tilleggsSpoeng for skole eller teneste som er gjort etter vidaregåande opplæring og som ikkje er ein del av grunnlaget for generell studiekompetanse.

#### **Kommentarar til § 7-12 Rangering av søkerar som ikkje kan poengbereknast**

Søkerar som ikkje kan poengbereknast, skal rangerast etter ei individuell skjønnsmessig vurdering. Dette inneber at det ikkje er høve til å fastsetje skjematiske tabellar og liknande i vurderinga.

#### **Kommentarar til § 7-13 Rangering på grunnlag av særskild vurdering**

Anna morsmål enn norsk kan vektleggjast dersom søkeren har fullført og bestått norsk vidaregåande opplæring med kortare botid enn seks år i landet, jf. opplæringslova § 3-12. Med andre spesielle forhold er meint uventa hendingar som har påverka karakterane frå vidaregåande skole.

Det må gå fram av den innsende dokumentasjonen korleis dei spesielle forholda har påverka karakterane.

Vidaregåande utdanning frå utlandet gir i seg sjølv ikkje grunn for særskild vurdering.

I alle tilfelle skal lærestadene ta med i vurderinga om søkeren har fått den tilrettelegginga han/ho har krav på, jf. opplæringslova med forskrifter.

Likeverdige kunnskapar og ferdigheter betyr at søkeren kan sidestillast med søkerar som har fått tilbod om plass etter vanlege reglar.

## Kommentarar til § 7-14 Rangering på grunnlag av opptaksprøve

Departementet har fullmakt til å fastsetje om opptaksprøve skal vere med i berekningsgrunnlaget ved rangering.

Som følgje av oppmodingsvedtak frå Stortinget om høve for institusjonar som ønskjer det, til å bruke intervju som ein del av rangeringa, kan universitet og høgskolar kalle inn kvalifiserte søkerar til intervju før opptak til grunnskolelærar- og lektorutdanning, jf. endringar i § 4-7 første punkt andre ledd. Det er lagt til grunn at intervju blir sidestilt med opptaksprøve, og at universitet og høgskolar som ønskjer det, må informere departementet om korleis intervju skal påverke rangeringa av søkerane.

Departementet minner om at ved opptak til studium som har opptaksprøve, og som ikkje er på lista nedanfor, skal opptaksprøven berre brukast som grunnlag for kvalifisering, ikkje som grunnlag for rangering.

For opptak til desse studia blir kvalifiserte søkerar rangerte på grunnlag av ein kombinasjon av ordinær rangering etter denne forskrifa og tilleggspoeng for bestått opptaksprøve på eit visst nivå, etter reglar fastsette av institusjonen:

- *Studium ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo*
- *Fotojournalistutdanning ved OsloMet - Storbyuniversitetet*
- *Faglærarutdanning i musikk, dans og drama og anna musikkutdanning som er pedagogisk retta*
- *Kulturprosjektleiing og prosjektleiing for fjernsyn* ved Høgskolen i Innlandet
- *Lærar- og førskolelærarutdanninga* ved Rudolf Steinerhøyskolen
- *Luftfartsfag* ved Universitetet i Tromsø Noregs arktiske universitet
- *Masterstudium i landskapsarkitektur* ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo i samarbeid med Universitetet i Tromsø Noregs arktiske universitet
- *Bachelorstudium i art Direction* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelorstudium i experience & Event* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelorstudium i grafisk design* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelorstudium i retail Design* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelorstudium i tekst og skribent* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelorstudium i maske- og hårdesign* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelorstudium i lyddesign* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- Til følgjande studium ved Nord universitet må søkeren dokumentere spesielle ferdigheter, fastsett av institusjonen, i form av innsendt arbeid:
- *Bachelorstudium i 3D art, Animation and VFX* ved Nord universitet
- *Bachelorstudium i Film and TV Production* ved Nord universitet

- *Bachelorstudium i spill og opplevelsesteknologi* ved Nord universitet

For opptak til desse studia blir kvalifiserte søkerar rangerte med grunnlag i berre opptaksprøvar, etter reglar fastsette av institusjonen:

- *Arkitektstudiet* ved Bergen Arkitekthøgskole
- *Studium i utøvande og skapande kunst ved Universitetet i Bergen*
- *Studium* ved Kunsthøgskolen i Oslo
- *Studium* ved Norges dansenhøyskole
- *Studium i utøvande og skapande musikk*
- *Dokumentarfilmproduksjon og fleirkameraproduksjon og bachelorstudium i film og TV* ved Høgskolen i Innlandet
- *Produktdesignutdanning* ved OsloMet - Storbyuniversitetet
- *Scenekunstutdanning*
- *Samtidskunst* ved Universitetet i Tromsø Noregs arktiske universitet
- *Forfattarstudiet* ved Universitetet i Tromsø Noregs arktiske universitet og Norsk barnebokinstitutt
- *Bachelorstudium i film og TV* ved Westerdals - Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Visuell kunst* ved Westerdals - Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelor i manus* ved Westerdals - Oslo School of Arts, Communication and Technology
- Bachelorstudium i låtskriving og produksjon ved Westerdals - Oslo School of Arts, Communication and Technology

## **Kommentarar til § 10-1 Utfyllande definisjonar til lov om universiteter og høyskoler § 3-7 sjette ledd**

Første ledd:

Vitnemål er ei nemning på dokumentet som atesterer at studenten har fullført utdanning, jf. uhl. § 3-11 for høgre utdanning og opplæringsforskrifta § 3-42 for vidaregående opplæring. Vitnemålet er falskt dersom innhaldet har vore usant frå starten av eller er blitt manipulert eller endra seinare.

Ein søker som bruker falske dokument eller dokument frå falske institusjonar ved opptak til høgre utdanning, kan få karantene i medhald av uhl. § 3-7 åttande ledd. Ein student som ved hjelp av falske dokument eller anna uærleg framferd har fått utdanning godkjend eller godskriven, kan få godkjenninga eller godskrivinga annullert, ev. i kombinasjon med utestenging, jf. uhl. § 4-7 andre ledd, jf. § 4-8 tredje ledd.

Eit vitnemål som viser feil karakter fordi vedkommande har klaga på eksamenskarakteren og i klageomgangen fått ein annan karakter enn det som går fram av vitnemålet, er ikkje eit falskt dokument. Det opphavlege vitnemålet er likevel ikkje lenger eit gyldig vitnemål. I tilfelle der eit vitnemål viser feil karakter og innehavaren er klar over dette, kan uhl. § 4-7 andre ledd om «uredelig opptreden» gjerast gjeldande mot ein student som bruker dokumentet. Etter ordlyden gjeld føresegna for studentar, noko som inneber at søkerar ved opptak til høgre utdanning ikkje er omfatta av føresegna. I perioden frå klagen er innlevert, til nytt vedtak ligg føre, er vitnemålet gyldig og kan brukast. For å unngå at vitnemål seinare blir ugyldige på

grunn av endra karakter, må utdanningsinstitusjonane forsikre seg om at alle eventuelle klagar over karakterfastsetjing eller formelle feil er ferdigbehandla før dei utferdar vitnemålet.

I ein situasjon der ein søker leverer dokumentasjon tilhøyrande ein annan saman med eigne søknadspapir for å oppnå urettmessige fordelar for seg sjølv, er denne handlemåten i strid med § 10-1 første ledd dersom slik dokumentasjon til dømes er forfalska slik at det ser ut som om det er søkeren personleg som eig dokumenta. Dersom søkeren bruker andre sin dokumentasjon uendra, blir ikkje forholdet omfatta av § 10-1 første ledd.

Falske dokument er i denne samanhengen falske dokument som dannar grunnlag for opptak, inkludert falske vitnemål. Falske dokument kan vere vedlegg til vitnemålet som til dømes karakterutskrifter, TOEFL-testar, opptaksbrev, anbefalingsbrev, fortolka omsetjingar og sertifikat.

Definisjonane i denne forskrifta skal ikkje utvide eller innskrenke definisjonane av dokument i straffelova av 2005 § 361 andre ledd og straffelova av 1902 § 179.

Andre ledd:

Dokument utferda av falske institusjonar kan i og for seg vere ekte dokument. Det avgjerande i denne samanhengen er om dei er utferda av falske institusjonar. Her må det gjerast ei konkret vurdering i kvart tilfelle for å avgjere om forholdet blir ramma av uhl. § 3-7 sjette ledd. Falske institusjonar kan vere ikkje-eksisterande utdanningsinstitusjonar, til dømes der ein privatperson eller eit firma som ikkje tilbyr utdanning, sel og distribuerer utdanningsdokument. Falske institusjonar er vidare institusjonar som ikkje har den akkrediteringa som skal til for å tilby høgre utdanning, men som gir uttrykk for å ha slik akkreditering. Institusjonar som har eksistert og har utferda dokument, men ikkje lenger eksisterer, er ikkje falske utdanningsinstitusjonar med mindre dei har handla i strid med lovverket. Falske institusjonar er òg institusjonar som er «godkjende» av falske akkrediteringsorgan.

Falske institusjonar blir òg kalla «diploma mills». Bruk av vitnemål eller dokument frå «diploma mills» kan bli ramma av uhl. § 3-7 åttande ledd om karantene og av straffelova av 1902 § 166, der det går fram at det er straffbart å gi falsk forklaring til offentleg styresmakt i eit tilfelle der forklaringa var «bestemt til å avgj bevis». Definisjonen av dokument som er utferda av falske institusjonar, gjeld denne typen utdanningsinstitusjonar i både inn- og utland.

Med helsing

Toril Johansson  
ekspedisjonssjef (e.f.)

Inger Johanne Christiansen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.*

Vedlegg

**Adressater:**

Universiteter og høyskoler  
Kunnskapsdepartementets tjenesteorgan  
Utdanningsdirektoratet  
Fylkesmennene  
Fylkeskommunene  
Videregående skoler  
Fagskoler  
Elev- og studentorganisasjoner

**Kopi:**

Universitets- og høgskolerådet  
Rådet for offentlige fagskoler  
Forum for fagskoler  
Lærerorganisasjonene  
Forskerforbundet  
Justisdepartementet  
Barne- og likestillingsdepartementet  
Statens lånekasse for utdanning  
Likestillings- og diskrimineringsombudet  
Kompetanse Norge  
NOKUT  
NAV



## Forskrift om opptak til høgre utdanning

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 5. januar 2017 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler § 3-6, § 3-7 og § 4-9. Endra ved forskrifter 11. oktober 2017 og 30. januar 2018.

## Kapittel 1. Verkeområde

### § 1-1. Verkeområde

(1) Forskrifta gjeld for opptak til grunnutdanninger ved institusjonar under lov av 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler. Kapittel 6 i forskrifta, om politiattest, gjeld for opptak til høgre utdanning, jf. lov om universiteter og høyskoler § 4-9.

(2) Med grunnutdanning er meint utdanninger som normalt byggjer på vidaregående opplæring, og som ikkje byggjer på eller har anna høgre utdanning som del av opptakskrav.

(3) Det er normalt krav om generell studiekompetanse for opptak til all grunnutdanning der det ikkje er fastsett unntak, jf. kapittel 3 i denne forskrifta. I tillegg til kravet om generell studiekompetanse har departementet fastsett spesielle opptakskrav for enkelte utdanninger, jf. kapittel 4.

(4) Forskrifta, med unntak av kapittel 6 om politiattest og kapittel 10 om falske vitnemål, falske dokument og dokument utferda av falske institusjonar, gjeld ikkje ved innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanninger, for opptak til utdanning som byggjer på grunnutdanning, «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning. For slike utdanninger har institusjonane fullmakt til å fastsetje opptakskrav og rangeringsreglar sjølve dersom departementet ikkje har fastsett slike i anna forskrift eller rammeplan.

(5) Departementet kan frita enkeltstudium frå reglane i denne forskrifta.

(6) Forskrifta gjeld òg, med visse unntak, jf. forskrifta § 8-1, for klagar over enkeltvedtak i den nasjonale opptaksmodellen (NOM) for grunnutdanninger ved universitet og høgskolar som blir organisert av Nasjonalt senter for felles system og tenester for forsking og studiar (CERES).

## Kapittel 2. Generell studiekompetanse

### § 2-1. Generell studiekompetanse – Kunnskapsløftet

(1) Det generelle grunnlaget for opptak til universitet og høgskolar (generell studiekompetanse) skal normalt vere at søkeren

- har vitnemål om bestått norsk treårig vidaregåande opplæring som gir studie- eller yrkeskompetanse;

*eller*

- har fylt 23 år i løpet av opptaksåret og kan dokumentere minimum fem års fulltids arbeidserfaring og/eller utdanning (23/5-søkjarar). Omsorgsarbeid og militær førstegongsteneste eller sivilteneste kan også reknast som arbeidserfaring. Som utdanning gjeld bestått årstrinn i vidaregående opplæring, godkjent årskurs fra folkehøgskole og/eller eksamen fra studium som har vart i minst eitt år.

*Begge alternativa ovanfor krev desse faga fra vidaregåande opplæring, som må vere dekte innanfor eller tekne i tillegg til krava ovanfor:*

- norsk	393 timer
- engelsk	140 timer
- matematikk	224 timer
- naturfag	140 timer
- samfunnsfag	84 timer
- historie	140 timer

Faga er oppgitt med samla omfang i timer (60 minutters eininger). Faga må vere bestått med karakteren 2 eller betre.

(2) For søkerar som har bestått norsk 309 timer, samisk/finsk 309 timer og historie 113 timer, gjeld ikkje kravet om norsk 393 timer og kravet om historie 140 timer.

(3) Opptaksorganet har plikt til å vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar kan godkjennast som likeverdig. Departementet kan gi nærmare reglar.

(4) Søkerar med generell studiekompetanse på grunnlag av vidaregåande opplæring eller tidlegare ordningar før Kunnskapsløftet skal framleis ha generell studiekompetanse, jf. overgangsføresegna i § 9-1.

## **§ 2-2. Utanlandsk utdanning**

(1) Søkerar med 3-årig vidaregåande utdanning fra dei andre nordiske landa er kvalifiserte for opptak utan tilleggskrav i norsk når den vidaregåande utdanninga gir generelt opptaksgrunnlag til universitet og høgskolar i dei respektive landa.

(2) Søkerar som har utanlandsk utdanning fra land utanfor Norden, må dokumentere bestått utdanning på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, jf. sjette ledd, og i tillegg dokumentere kunnskapar i norsk med éin av desse prøvane:

1. Bestått norsk med 393 timer fra vidaregåande opplæring
2. Bestått eksamen fra trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta
3. Bestått eksamen fra 1-årig høgskolestudium i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar
4. Skriftleg test i norsk, høgre nivå («Bergenstesten»), med minimum 450 poeng eller «bestått» etter ny vurderingsordning f.o.m. hausten 2009
5. Avsluttande prøve i norsk (norskprøven) med ferdigheiter på minimum nivå B2 i alle delferdigheiter, jf. lov 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonslova) § 19 andre ledd

(3) Universitetet eller høgskolen kan godta annan dokumentasjon av norskkunnskapar. Søkerar som til dømes vil dokumentere norskkunnskapar med norsk eller eit anna nordisk

språk som morsmål, må normalt dokumentere at dei har hatt opplæring i morsmålet på minst norsk/nordisk grunnskolenivå.

(4) Søkjarar som har utdanning frå International Baccalaureate (IB), og som anten har teke norsk A eller norsk B på minst lågare nivå («standard level»), eller som oppfyller krava i tredje ledd, fyller krava til generell studiekompetanse dersom dei i tillegg

1. har oppnådd diplom frå International Baccalaureate (IB), eller
2. har oppnådd IB-Certificate med meir enn 20 poeng og bestått tre fag på lågare nivå («standard level») og tre fag på høgre nivå («higher level»), eller bestått to fag på lågare nivå («standard level») og fire fag på høgre nivå («higher level»). Slike søkerar kan ikkje ha lågare karakter enn 3. *Theory of Knowledge, Creativity, Action and Service* og *Extended Essay* må òg vere bestått.

(5) Krava til norskkunnskapar gjeld ikkje for søkerar som skal takast opp til framandspråklege utdanningsprogram, og studentar som deltek i internasjonale utvekslingsprogram.

(6) GSU-lista er bindande ved opptak til høgre utdanning.

### **§ 2-3. Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning**

(1) Søkjarar som er tekne opp til høgre utdanning på grunnlag av reglar om unntak frå kravet om generell studiekompetanse, jf. kapittel 3, og som har bestått ei slik utdanning på minst eitt år (60 studiepoeng eller to studium, kvart på 30 studiepoeng), får generell studiekompetanse såframt dei har dokumenterte norskkunnskapar.

(2) Dersom den høgre utdanninga ikkje har hatt norsk eller anna nordisk språk som undervisningsspråk, må kravet om norsk oppfyllast, jf. § 2-1. Søkjarar med utdanning frå land utanom Norden som er tekne opp på grunnlag av § 2-2 femte ledd, må dokumentere norskkunnskapar etter føresegnehjelpe i § 2-2.

### **§ 2-4. Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning**

(1) Søkjarar som har fullført 2-årig fagskoleutdanning (120 fagskolepoeng) som er godkjend etter lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning, får generell studiekompetanse.

(2) Dersom fagskoleutdanninga ikkje har hatt norsk eller anna nordisk språk som undervisningsspråk, må kravet om norsk oppfyllast, jf. § 2-1. Søkjarar frå land utanom Norden må også dokumentere engelsk jf. § 2-2 (6).

## **Kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse**

### **§ 3-1. Realkompetanse**

(1) Søkjarar som er 25 år eller eldre i opptaksåret, og som ikkje har generell studiekompetanse, har krav på å få vurdert om dei er kvalifiserte for eit bestemt studium på grunnlag av realkompetanse. Denne føresegna gjeld ikkje for søkerar som er kvalifiserte for opptak til dette bestemte studiet etter andre føresegner, jf. §§ 3-3 til 3-9.

(2) Realkompetanse er kunnskapar søkeren har fått gjennom yrkespraksis, ubetalt arbeid, organisasjonsarbeid, utdanning eller på annan måte.

(3) Utdanningsinstitusjonen må vurdere kvalifikasjonane ut frå det faget søkeren ønsker å studere og finne fram til eigna og tenlege framgangsmåtar for slike vurderingar. Søkeren må ha nødvendige faglege føresetnader for å gjennomføre det aktuelle studiet utan å ha generell studiekompetanse.

### **§ 3-2. Dispensasjon**

(1) Institusjonane kan i særskilde tilfelle gjere unntak frå kravet om generell studiekompetanse for søkerar som ikkje fyller meir enn 24 år i opptaksåret. Vilkåret for slik dispensasjon er at søkeren kan dokumentere at det på grunn av varig sjukdom, funksjonshemming eller liknande har vore umogleg å oppfylle nokre av dei krava ein normalt må oppfylle for å bli tilkjend generell studiekompetanse.

(2) Utdanningsinstitusjonen må vurdere kvalifikasjonane ut frå det faget søkeren ønsker å studere, og finne fram til eigna og tenlege framgangsmåtar for slike vurderingar. Søkeren må ha nødvendige faglege føresetnader for å gjennomføre det aktuelle studiet utan å ha generell studiekompetanse.

### **§ 3-3. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagt ingeniørutdanning**

Institusjonar kan ta opp søkerar som ikkje oppfyller krava til generell studiekompetanse, til spesielt tilrettelagt ingeniørutdanning, jf. § 2-1 første ledd og § 4-4 fjerde strekpunkt. Det er lagt til grunn at søkerane har relevant fagbrev eller sveinebrev.

### **§ 3-4. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte arkitekturfag og tekniske fag**

Desse studia er unntakne frå kravet om generell studiekompetanse:

- *Integrert masterstudium i teknologiske fag, 3-årig ingeniørutdanning og maritime fag*  
Unntak frå kravet om generell studiekompetanse gjeld for søkerar som har bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014, 1-årig forkurs for ingeniør- og maritim høgskoleutdanning, nyare godkjend 2-årig fagskoleutdanning i tekniske fag eller 2-årig fagskoleutdanning etter studieordningars før rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999.

- *Arkitektutdanning ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet*

Unntak frå kravet om generell studiekompetanse gjeld for søkerar som har bestått nyare godkjend 2-årig fagskoleutdanning i tekniske fag eller 2-årig fagskoleutdanning etter studieordningars før rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999.

- *Matteknologiutdanning*

Unntak frå kravet om generell studiekompetanse gjeld for søkerar som har bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014, 1-årig forkurs for ingeniør- og maritim høgskoleutdanning eller 1-årig tilpassingskurs, nyare godkjend 2-årig fagskoleutdanning i tekniske fag eller 2-årig fagskoleutdanning etter studieordningars før rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999.

### **§ 3-5. Unntak fra kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte språkfag**

- *Samisk semesteremne og samisk nybegynnarkurs*

Unntak fra kravet om generell studiekompetanse og spesielle opptakskrav fastsette under § 4-10 fjerde strekpunkt gjeld for søkerar som har samisk tilknyting, etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Finsk semesteremne og årseining i kvensk*

Unntak fra kravet om generell studiekompetanse gjeld søkerar som har finsk eller kvensk tilknyting, etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

### **§ 3-6. Unntak fra kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfag**

Generell studiekompetanse skal framleis vere det normale kravet for opptak også for desse studiane. Unntak fra kravet om generell studiekompetanse gjeld for søkerar som fyller spesielle faglege krav fastsette av institusjonen ved opptak til desse utdanningane og/eller institusjonane (jf. § 4-1):

- *Studium i utøvande og skapande kunst*
- *Folkekunst og folkemusikk* ved Høgskolen i Sørøst-Norge
- *Kunstfagleg utdanning* ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet
- *Studium i utøvande og skapande musikk*
- *Studium i folkedans* ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
- *Forfattarstudium*
- *Scenekunstutdanning*
- *Studium i duodji I* ved Samisk høgskole
- *Studium i visuell kunst, film og tv, manus, lysdesign og Visual Effects* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Studium ved Den norske filmskolen* ved Høgskolen i Innlandet
- *Studium i manus - scenetekst og tv-drama* ved NSKI Høgskole

### **§ 3-7. Unntak fra kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagde studium i akvakultur – havbruk og fiskerifag**

Institusjonar kan ta opp søkerar med relevant fagbrev som ikkje oppfyller krava til generell studiekompetanse, til spesielt tilrettelagde studium i akvakultur.

### **§ 3-8 Unntak fra krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk**

Institusjonar kan ta opp søkerar med relevant fagbrev som ikkje fyller krava til generell studiekompetanse, til spesielt tilrettelagde studium i nautikk.

### **§ 3-9. Unntak fra krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i serviceleiing og marknadsføring ved Høgskolen i Innlandet**

Høgskolen i Innlandet kan ta opp søkjarar med relevant fagbrev som ikkje fyller krava til generell studiekompetanse, til spesielt tilrettelagde studium i serviceleiing og marknadsføring.

## Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

### § 4-1. Spesielle opptakskrav i tillegg til generell studiekompetanse

(1) I tillegg til kravet om generell studiekompetanse har departementet fastsett spesielle opptakskrav for studium og fagområde, jf. §§ 4-2 til 4-10. Fagkrava refererer i hovudsak til norsk vidaregåande opplæring, studieførebuande utdanningsprogram. Fagkrava må vere oppfylte.

(2) Opptaksorganet har plikt til å vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar kan godkjennast som likeverdig. Departementet kan gi nærmare reglar.

### § 4-2. Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veteranærfag

- *Medisin, odontologi, ernæring og farmasi*

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og fysikk 1 og kjemi (1 + 2)

- *Bioingeniørutdanning, farmasi (bachelor) og Ernæring ved UiT Noregs arktiske universitet*

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og anten fysikk 1 eller biologi 1 eller kjemi 1

- *Ortopediingeniørutdanning*

Matematikk (R1 + R2) og fysikk 1

- *Farmasi (bachelor)*

Frå og med opptak til studieåret 2018-2019 gjeld:

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og kjemi 1 og anten fysikk 1 eller biologi 1 eller kjemi 2

- *Veterinærmedisin*

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og kjemi (1 + 2)

- *Ernæringsstudium (bachelor)* ved Universitetet i Bergen, Universitetet i Agder, Universitetet i Tromsø Noregs arktiske universitet og Høgskolen Kristiania

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og fysikk 1 og kjemi (1 + 2)

- *3-årig bachelorstudium i sjukepleie* ved OsloMet-Storbyuniversitetet

Som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2017–2018, 2018–2019 og 2019–2020 må søkeren dokumentere at han/ho har minst karakteren 3,0 i norsk (393 timer).

- *3-årig bachelorstudium i sjukepleie*

Frå og med opptak til studieåret 2019–2020:

Søkeren må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timer) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timer). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkerar

som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timer eller tilsvarende.

### **§ 4-3. Spesielle opptakskrav til informatikk, realfag, natur- og miljøfag**

- *Informatikkutdanning* – om opptak til Universitetet i Oslo, sjå òg tredje punkt

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2)

- *Realfag, natur- og miljøfag* – sjå òg fjerde punkt

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og matematikk (R1 + R2) eller fysikk (1 + 2) eller kjemi (1 + 2) eller biologi (1 + 2) eller informasjonsteknologi (1 + 2) eller geofag (1 + 2) eller teknologi og forskingslære (1 + 2)

Frå og med opptaket til studieåret 2018–2019 gjeld:

- *Informatikk: robotikk og intelligente system* ved Universitetet i Oslo

Som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2018–2019, 2019–2020, 2020–2021 og 2021–2022 må søkerane dokumentere desse faga:

Matematikk (R1 + R2) og i tillegg fysikk (1 + 2) eller kjemi (1 + 2) eller biologi (1 + 2) eller informasjonsteknologi (1 + 2) eller geofag (1 + 2) eller teknologi og forskingslære (1 + 2).

- *Universitet (og høgskolar) som tilbyr studium i realfag, natur- og miljøfag*, kan som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2018–2019, 2019–2020, 2020–2021 og 2021–2022 sjølve fastsetje at det for opptak til slike studieprogram skal stillast krav om matematikk (R1 + R2) og i tillegg fysikk (1 + 2) eller kjemi (1 + 2) eller biologi (1 + 2) eller informasjonsteknologi (1 + 2) eller geofag (1 + 2) eller teknologi og forskingslære (1 + 2)

### **§ 4-4. Spesielle opptakskrav til arkitekturfag og teknologiske fag**

- *Arkitektutdanning* ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Matematikk (R1 + R2) og fysikk 1

Søkjarar med nyare godkjend 2-årig fagskoleutdanning i tekniske fag må dokumentere tilsvarende kunnskapar i matematikk og fysikk som dei som er fastsette her.

Søkjarar med 2-årig teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet 1998-1999 og tidlegare studieordningar må dokumentere kunnskapar tilsvarende matematikk R2.

- *Arkitektutdanning* ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og Bergen arkitekthøgskole

Søkjaren må bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Integrert masterstudium i teknologiske fag*, med unntak av Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Matematikk (R1 + R2) og fysikk 1

Søkjarar med nyare godkjend 2-årig fagskoleutdanning i tekniske fag må dokumentere tilsvarende kunnskapar i matematikk og fysikk.

Søkjarar med 2-årig teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999 og tidlegare studieordningar fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.

Søkjarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014 og søker med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritim høgskoleutdanning fyller fagkrava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.

Sjå eige punkt 7 om opptak til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

- *3-årig ingeniørutdanning*  
Matematikk (R1 + R2) og fysikk 1

Søkjarar med nyare godkjend 2-årig fagskoleutdanning i tekniske fag må dokumentere tilsvarende kunnskapar i matematikk og fysikk.

Søkjarar med 2-årig teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999 og tidlegare studieordningar fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.

Søkjarar som har bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014, og søker med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritim høgskoleutdanning, fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle opptakskrava i matematikk og fysikk som er fastsette her.

Søkjarar som har generell studiekompetanse og har bestått eit realfagskurs med eitt semesters omfang med fordjuping i matematikk og fysikk, fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.

For søkerar med generell studiekompetanse eller bestått nyare godkjent to-årig teknisk fagskole i tekniske fag som blir tekne opp til treterminordning, gjeld ikkje det spesielle opptakskravet i matematikk og fysikk som er fastsett her.

For søkerar som blir tekne opp til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning, jf. § 3-3, med grunnlag i fagbrev/sveinebrev og minimum 12 månader relevant praksis, gjeld ikkje det spesielle opptakskravet i matematikk og fysikk som er fastsett her.

- *Teknisk bygningsvern og restaureringsarbeid og utøvande tradisjonshandverk*  
Relevant fagbrev
- *Landskapsarkitektur ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo*  
Søkjaren må bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Integrt masterstudium i teknologiske fag* ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Matematikk (R1 + R2) og fysikk 1. Søkjaren må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 4,0 i matematikk R2 (140 timer).

Søkjarar med nyare godkjend 2-årig fagskoleutdanning i tekniske fag må dokumentere tilsvarande kunnskapar i matematikk og fysikk.

Søkjarar med 2-årig teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar må dokumentere kunnskapar tilsvarande matematikk R2 med eit gjennomsnitt på minimum karakteren 4,0.

Søkjarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014 og søkerar med 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritim høgskoleutdanning fyller fagkrava for opptak utan omsyn til dei spesielle fagkrava i matematikk og fysikk som er fastsette her. Søkjarar må ha karakteren C eller betre i matematikk frå forkurs.

#### **§ 4-5. Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag**

- *Integrt masterstudium i økonomisk-administrative fag og i samfunnsøkonomi*  
Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2)

- *Kostøkonomutdanning*

Fagbrev som institusjonskokk eller tilsvarande

- *Matematisk finans*

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2)

- *Bachelorstudium i samfunnsøkonomi og i politisk økonomi* ved Universitetet i Bergen  
Som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2019–2020, 2020–2021 og 2021–2022 må søkerar dokumentere at han/ho har minst karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timer). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkerar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timer eller tilsvarande.

#### **§ 4-6. Spesielle opptakskrav til enkelte hotell- og reiselivsfag**

- *Kjøkken- og restaurantleiring*

Fagbrev som kokk, institusjonskokk eller servitør. Andre fag-/sveinebrev frå utdanningsprogram for restaurant- og matfag kan vurderast.

#### **§ 4-7. Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar**

- *Grunnskolelærarutdanning* og *5-årig lektorutdanning*

Søkjaren må dokumentere minimum 35 skolepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timer) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timer).

Søkjarar som kan dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i matematikk (224 timer), kan takast opp dersom dei består eit forkurs i matematikk spesielt tilrettelagt for

lærarutdanning, jf. § 5-2. Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkerarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timer eller tilsvarande.

For søkerarar til grunnskolelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning med realfag, miljø- og naturfag gjeld i tillegg kravet som er fastsett for realfag, miljø- og naturfag i § 4-3 andre eller fjerde strekpunkt.

For søkerarar til grunnskolelærarutdanning ved Samisk høgskole gjeld i tillegg krava som er fastsette i § 4-10.

For søkerarar som har samisk som førstespråk eller andrespråk, gjeld karakterkravet i norsk for gjennomsnittet av karakterane i norsk (309 timer) og samisk (309 timer).

For søkerarar som har norsk teiknspråk eller finsk som andrespråk, gjeld karakterkravet i norsk gjennomsnittet av karakterane i første- og andrespråket.

Søkjaren kan i tillegg måtte gjennomføre ein opptaksprøve i form av eit intervju etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Grunnskolelærarutdanning med musikk*

Søkjaren må i tillegg til krava i første punkt dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Grunnskolelærar- og barnehagelærarutdanning med sørsamisk*

Søkjaren må dokumentere kunnskapar i sør-samisk språk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen. For grunnskolelærarutdanning gjeld i tillegg krava i første strekpunkt.

- *Faglærarutdanning i praktiske og estetiske fag*

Søkjrarar må dokumentere minimum 35 skolepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timer) og 3,0 i matematikk (224 timer).

Søkjrarar til faglærarutdanning i musikk, dans og drama må i tillegg dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Grunnutdanning i musikk, dans og drama som er pedagogisk retta*

Søkjaren må dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Yrkesfaglærarutdanning*

Fag-/sveinebrev eller anna fullført og bestått 3-årig yrkesutdanning i skole frå vidaregåande opplæring og 2 års relevant praksis etter avslutta utdanning. I dei tilfella der ein må ha autorisasjon for å praktisere i yrket, må ein òg ha autorisasjon for å komme inn på yrkesfaglærarutdanninga.

- *3-årig lærarutdanning for tospråklege lærarar*

Søkjrarar må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timer) og tospråkleg kompetanse etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

## **§ 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram**

- *Engelskspråklege bachelorprogram ved Noregs miljø- og biovitsskaplege universitet*

Som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2017-2018, 2018-2019, 2019-2020 og 2020-2021 må søkeren dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timer). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkerarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timer eller tilsvarande.

- *Engelskspråkleg høgskolekandidatstudium ved Det teologiske menighetsfakultet*

Søkerarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timer). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkerarar som kan dokumenteres bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timer eller tilsvarande.

## **§ 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag**

Ved opptak til desse utdanningane må søkeren bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen:

- *Studium ved fakultet for kunst- og design ved Universitetet i Bergen*
- *Studium ved Kunsthøgskolen i Oslo*
- *Scenekunstutdanning*
- *Studium i utøvande og skapande musikk*
- *Musikkvitsskap og musikkteknologi* ved Noregs teknisk-naturvitsskaplege universitet og *musikkvitsskap* ved Universitetet i Oslo
- *Kunstfagleg utdanning* ved Noregs teknisk-naturvitsskaplege universitet og ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet
- *Forfattarstudium*
- *Studieprogram dansevitsskap*
- *Studium* ved Norges Dansehøyskole
- *Musikkterapi* ved Universitetet i Bergen
- *Bachelorstudium i dansekunst og koreografisk tenking* ved Høgskolen i Dansekunst
- *Studium i visuell kunst* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelorstudium i manus - scenetekst og tv-drama* ved NSKI Høgskole
- *Studium i utøvande og skapande kunst* ved Universitetet i Stavanger

## **§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag**

- *Spesialtilpassa høgskoleutdanning for døve* ved Noregs teknisk-naturvitsskaplege universitet

Søkerarar må dokumentere ferdigheiter i norsk teiknspråk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *TV-teknikk og TV-regi* ved Høgskolen i Innlandet

Søkerane må dokumentere kunnskapar i form av innsendt arbeid og bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Kulturprosjektleiing og TV-leiing* ved Høgskolen i Innlandet

Søkjarane må dokumentere kunnskapar i form av innsendt arbeid og bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *Studium* ved Samisk høgskole og studium i samiske språk ved andre institusjonar  
Søkjaren må dokumentere kunnskapar i samisk språk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *2-årig trafikklærarutdanning*

Søkjaren må ha hatt gyldig førarkort klasse B (personbil) samanhengande dei siste 3 åra.

- *Paramedicutdanning*

Fagbrev som ambulansepersonell eller relevant høgre utdanning

- *Luftfartsfag*

Matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og fysikk 1, bestått opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen

- *3-årig utdanning prehospitalt arbeid – paramedic*

Søkjarar må dokumentere førarkort klasse B (personbil) og ha bestått fysisk opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- *3-årig bachelorstudium i journalistikk* ved Høgskolen i Oslo og Akershus.

Som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2017-2018, 2018-2019 og 2019-2020 må søkeren dokumentere minimum karakteren 4,0 i norsk (393 timer).

- *1-årig studium i Arktisk naturguide* ved Universitetet i Tromsø Noregs arktiske universitet

Søkjarar må ha gyldig førarkort klasse S eller klasse B og dokumentere relevant praksis etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

- Til følgjande studium ved Nord universitet må søkeren dokumentere spesielle ferdigheter, fastsett av institusjonen, i form av innsendt arbeid:

- *Bachelorstudium i 3D art, Animation and VFX,*
- *Bachelorstudium i Film and TV Production*
- *Bachelorstudium i spill og opplevelsesteknolog*

Søkjarar til desse studia og institusjonane må bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette ved institusjonen:

- *Fotojournalistutdanning* ved Høgskolen i Oslo og Akershus
- *Animasjon* ved Høgskulen i Volda
- *Industridesign* ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
- *Produktdesignutdanning* ved Høgskolen i Oslo og Akershus
- *Studium* ved Rudolf Steinerhøyskolen
- *Smykkedesign* ved Universitetet i Agder
- *Film- og fjernsynsutdanning* ved Høgskolen i Innlandet
- *Bachelorstudium i tolking i offentleg sektor* ved Høgskolen i Oslo og Akershus
- Følgjande studium ved Westerdals - Oslo School of Arts, Communication and Technology

- *Bachelor i Art Direction*
- *Bachelor i Experience & Event*
- *Bachelor i Grafisk design*
- *Bachelor i Retail Design*
- *Bachelor i tekst og skribent*
- *Bachelor i film og TV*
- *Bachelor i lys for scene*
- *Årsstudium i musikkproduksjon*
- *Bachelor i manus*
- *Bachelor i maske- og hårdesign*
- *Bachelor i lyddesign*
- *Bachelor i spilldesign*
- *Bachelor i visual effects*
- *Bachelor i låtskriving og produksjon*
- *Bachelor i digital markedsføring*

## **§ 4-11. Desentralisert utdanning og deltidsutdanning**

For opptak til desentralisert utdanning og/eller deltidsutdanning kan institusjonane fastsetje spesielle opptakskrav i form av relevant yrkeserfaring og arbeidstilknyting i studietida. For opptak til deltidsstudium kan det i tillegg stillast krav om tilknyting til utdanningsstaden.

## **Kapittel 5. Opptak på visse vilkår**

### **§ 5-1. Opptak på visse vilkår**

(1) Søkjrar som på grunn av spesielle omstende ikkje kan gå opp til eksamen i vidaregåande opplæring, og som derfor ikkje kan få dokumentasjon på bestått opplæring som normalt er krav for opptak til institusjonar som er omfatta av denne forskrifta, kan få opptak til høgre utdanning på visse vilkår. Søkjaren får opptak til høgre utdanning på vilkår av at han/ho består eksamen i eitt eller fleire fag i vidaregåande opplæring i løpet av første semester etter opptak. Det er ein føresetnad at søkeren har karakteren 2 eller betre, eller oppfyller andre opptakskrav med standpunktet karakteren i det faget han/ho ikkje har avlagt eksamen i, og at søkeren ikkje allereie har avsluttande vurdering i faget. Dersom det er fastsett karakterkrav for opptak til studiet er det ein føresetnad at søkeren oppfyller karakterkravet når eksamen er avlagt.

(2) Med særskilde forhold er her meint sjukdom, ulykker eller dødsfall i nær familie. Dersom det ligg føre andre særskilde forhold, kan opptaksorganet gi opptak på visse vilkår. Særskilde forhold må dokumenterast ved attest frå lege, anna helsepersonell, politi eller tilsvarande.

(3) Søkjrar som har fått opptak på visse vilkår, kan ikkje få reservert studieplass til seinare opptak.

(4) Studentar med opptak på visse vilkår som ikkje fyller opptakskrava innan den fastsette fristen, mistar studieplassen og studieretten.

(5) Studentar som går opp til eksamen i eit studium dei har fått opptak til på visse vilkår, får ikkje denne eksamenen godkjend som bestått utan at opptakskravet er oppfylt.

(6) Den utdanningsinstitusjonen som gir opptak på visse vilkår, skal så langt det er mogleg og rimeleg, leggje til rette for at studenten både kan gå opp til utsett eksamen i vidaregående opplæring og gjennomføre det studiet det på visse vilkår er gitt opptak til. Dersom institusjonen ikkje finn å kunne leggje til rette på denne måten, skal studenten få forlengje opptaket på visse vilkår til neste gong det blir arrangert utsett eksamen i det aktuelle faget i vidaregåande opplæring.

## **§ 5-2 Opptak til grunnskolelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning**

Søkjrar til grunnskolelærar- og lektorutdanning som kan dokumentere minimum 35 skolepoeng og eit karaktergjennomsnitt på minimum 3,0 i norsk og 3,0 i fellesfaget matematikk, kan få tilbod om studieplass på visse vilkår, jf. § 4-7. Tilbodet blir gitt på vilkår av at søkeren består eit spesielt tilrettelagt forkurs i matematikk før studiestart. Slike søkerar mistar studieplassen dersom forkurset ikkje er bestått.

## **§ 5-3 Opptak på visse vilkår for søkerar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk**

Utanlandske søkerar til årskurs i norsk som kan dokumentere at dei fyller krava for opptak til påfølgjande, ordinære studium, kan få tilbod om studieplass på påfølgjande studium på same institusjon etter visse vilkår. Opptaket til ordinære studium følgjande studieår, blir gitt på vilkår av at søkeren fullfører og består årskurs i norsk. Søkerar som ikkje består årskurs i norsk mister tilbod om studieplass.

# **Kapittel 6. Politiattest ved opptak til høgre utdanning**

## **§ 6-1. Generelt**

(1) Søkerar til utdanninger der studentar kan komme i kontakt med mindreårige som ein del av klinisk undervisning eller praksisstudium, skal leggje fram politiattest som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd i samband med opptak.

(2) Dersom det er gitt særlege reglar om politiattest for bestemte typar yrkesutøving, gjeld desse tilsvarende for studentar som deltek i praksisstudium eller klinisk undervisning.

(3) Utdanningsinstitusjonane må kvar for seg vurdere om utdanningane dei tilbyr, blir omfatta av første ledd eller andre ledd, og krevje at studentar til desse utdanningane legg fram politiattest.

(4) Utdanningsinstitusjonane har kvar for seg plikt til å gi tilstrekkeleg og relevant informasjon om innhaldet i studia, mellom anna om det er krav om politiattest. Det må opplysast om krav om politiattest i brevet med tilbod om studieplass.

## **§ 6-2. Utferding av politiattest**

For utferding av politiattest gjeld lov 28. mai 2010 nr. 16 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten, med tilhøyrande forskrift 20. september 2013 nr. 1097 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten.

### **§ 6-3. Tidspunktet for framlegging av politiattest**

(1) Søkjarar som får tilsegn om plass ved utdanningar som nemnt i § 6-1 første og andre ledd i denne forskrifta, og som har merknad på politiattesten som er relevant for opptak til vedkommande utdanning, skal sende politiattesten til utdanningsstaden innan tre veker.

(2) Søkjarar som får tilsegn om plass ved utdanningar som nemnt i § 6-1 første og andre ledd, og som ikkje har merknad på politiattesten som er relevant for opptak til vedkommande utdanning, skal leggje frem politiattesten for utdanningsstaden seinast ved fastsett utdanningsstart, jf. § 6-4.

(3) Søkjarar som får tilsegn om plass ved utdanningar mindre enn fjorten dagar før skolestart, eventuelt etter studiestart, skal leggje fram politiattesten seinast tre veker etter at tilsegn om utdanningsplass er gitt.

(4) Politiattesten skal ikkje vere eldre enn tre månader.

### **§ 6-4. Stadfesting ved opptak**

Søkjarar som er omfatta av § 6-3 andre ledd i denne forskrifta, skal saman med melding om at dei tek imot studieplassen, stadfeste at dei kjenner regelverket om politiattest og vil levere attest som er relevant for opptak til vedkommande utdanning, jf. § 6-1, innan fastsett frist.

### **§ 6-5. Fornya vandelskontroll**

Fornya vandelskontroll kan utførast i samsvar med politiregisterlova § 43.

### **§ 6-6. Følgjer av at politiattest ikkje blir lagd fram**

(1) Søkjarar eller studentar som ikkje legg fram politiattest i samsvar med reglane i denne forskrifta, har ikkje rett til å delta i klinisk undervisning eller praksis ved den aktuelle utdanninga.

(2) Det kan gjerast unntak frå føresegna i første ledd dersom årsaka til at søkeren eller studenten ikkje legg fram politiattest i samsvar med reglane i denne forskrifta, ligg i omstende som vedkommande ikkje rår over.

### **§ 6-7. Følgjer av at studenten ikkje kan delta i praksisstudium/klinisk undervisning**

Studentar som ikkje kan delta i obligatorisk praksis eller klinisk undervisning, får ikkje vitnemål om fullført grad eller utdanning.

### **§ 6-8. Behandling av politiattesten med merknad**

(1) Dersom det går fram av ein politiattest at studenten har ein merknad som nemnt under § 6-1, skal utdanningsinstitusjonen straks melde frå om retten studenten har til bistand i medhald av lov om universiteter- og høyskoler § 4-9 sjuande ledd.

(2) Søkjaren eller studenten skal medverke til å opplyse saka ved å leggje fram dokumentasjon om forhold som ligg til grunn for eventuelle merknader på politiattesten. Ein søker eller student som ikkje legg fram slik dokumentasjon, har ikkje rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisstudium ved den aktuelle utdanninga.

(3) Utdanningsinstitusjonen skal snarast mogleg, seinast innan ti dagar etter at all dokumentasjon i saka ligg føre, sende politiattesten til klagenemnda for institusjonen, jf. lov om universiteter- og høyskoler § 4-9 femte ledd. Med politiattesten skal det følgje ei oversikt over innhold og rettleiing i den kliniske undervisninga / praksisstudia og ei vurdering av om studenten bør stengjast ute frå denne. Studenten skal samtidig få kopi av fråsegnna frå institusjonen til nemnda med vedlegg og skal ha fjorten dagar på seg til å uttale seg til nemnda.

(4) Klagenemnda for institusjonen skal behandle saka snarast mogleg og seinast fire veker etter at saka er motteken frå utdanningsinstitusjonen. Studenten har ikkje rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisstudium ved den aktuelle utdanninga før klagenemnda har gjort vedtak i saka.

(5) Nemnda skal med bakgrunn i forholda ved den kliniske undervisninga eller praksisdelen av studiet ved den aktuelle utdanninga, og opplysningane om forholda som ligg til grunn for politiattesten, vurdere om omsynet til pasientar, brukarar, barnehagebarn, elevar eller andre medfører at studenten skal stengjast ute frå klinisk undervisning eller praksisstudium.

(6) Nemnda kan innkalle studenten til møte dersom det er nødvendig for å få saka godt nok opplyst.

(7) Felles klagenemnd er klageinstans for vedtak i nemnda, jf. forskrift om felles klagenemnd for behandling av klagesaker etter lov om universiteter og høyskoler § 4-7 til § 4-10.

(8) Sjå politiregisterforskrifta § 37-2 for reglar om oppbevaring av politiattest.

## **§ 6-9. Teieplikt**

(1) Den som får kjennskap til teiepliktige opplysningar gjennom ein politiattest, pliktar å teie om dei overfor ivedkommande, jf. forvaltingslova § 13–§ 13e og politiregisterlova § 47.

(2) Brot på teieplikta kan straffast etter straffelova §§ 209.

# **Kapittel 7. Rangering av søkerar ved opptak**

## **§ 7-1. Generelt om rangering og kvotar**

(1) Opptak til studium skjer på grunnlag av rangering innanfor kvotar. Ein kvote er eit bestemt tal eller ein bestemt del av studieplassane som skal fordelast blant søkerar som tilfredsstiller nærmare bestemte krav.

(2) Alle kvalifiserte søkerar som innan fastsette fristar for opptaket dokumenterer at dei oppfyller tilhøyrskriteria for ein kvote, konkurrerer om studieplass i kvoten.

(3) Grunnlaget for rangering er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkeren for eit studium.

(4) Søkerar med høg poengsum skal rangerast framfor søkerar med låg poengsum. Søkerar med lik poengsum i ein kvote skal rangerast etter alder, eldre søkerar går framfor yngre søkerar.

(5) Ti dagar etter studiestart kan kvar institusjon, dersom det har vist seg umogleg å innkalle søkerar i samsvar med rangeringslister, tilby ledige studieplassar til kvalifiserte søkerar utan omsyn til rangeringa elles.

## **§ 7-2. Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote**

(1) Kvote for førstegongsvitnemål omfattar søkerar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter normal tid i vidaregåande opplæring etter føresegner fastsette i forskrift til lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Kvoten omfattar òg søkerar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har oppnådd generell studiekompetanse på bakgrunn av vitnemål frå yrkesfag som er fullførte og bestått på normal tid, i tillegg til at dei oppfyller fagkrava i § 2-1.

(2) Søkerar i kvoten for førstegongsvitnemål skal rangerast på grunnlag av føresegne i § 7-5, § 7-8, § 7-9 eller etter §§ 7-13 og 7-14.

(3) 50 prosent av studieplassane skal tilbydast søkerar i kvoten for førstegongsvitnemål.

(4) Søkerar som fyller kriteria for opptak i kvoten for førstegongsvitnemål, men som ikkje får tilbod om studieplass, konkurrerer vidare i ordinær kvote.

(5) Departementet kan frita enkelte studium frå kravet om kvote for førstegongsvitnemål.

## **§ 7-3. Spesielle kvotar**

(1) Når særskilde forhold gjer det ønskeleg, kan departementet fastsetje spesielle kvotar for enkelte utdanningar. Spesielle kvotar har andre tilhøyrskriterium enn kvoten for førstegongsvitnemål.

(2) Departementet kan i særskilde tilfelle fastsetje kvote for førstegongsvitnemål innanfor ein spesiell kvote.

(3) Departementet kan fastsetje avvikande rangeringsreglar for spesielle kvotar, mellom anna reglar for tildeling av særlege tilleggspoeng.

(4) Søkerar som fyller kriteria for opptak i ein spesiell kvote, men ikkje får tilbod om studieplass, konkurrerer eventuelt vidare i kvoten for førstegongsvitnemål og deretter i den ordinære kvoten, jf. § 7-2.

## **§ 7-4. Poengbereking av søkerar med meir enn eitt grunnlag for rangering**

Søkerar som fyller krava til generell studiekompetanse både som 23/5-søkerar og på grunnlag av 3-årig vidaregåande opplæring eller tilsvarande, jf. § 2-1, skal poengbereknast etter begge desse grunnlagene for rangering. Ved rangering som 23/5-søkerar kan det for desse søkerane inngå fag frå bestårte vitnemål eller kompetansebevis som er nødvendige for at søkeren skal vere kvalifisert for eit studium, og fag som kan gi tilleggspoeng. Lærestaden skal bruke den poengberekinga som gir høgast rangering.

## **§ 7-5. Karakterpoeng for søkerar med 3-årig vidaregåande opplæring**

- (1) Alle fag med talkarakterar som inngår i grunnlaget for rangering, skal takast med i berekninga av karakterpoeng.
- (2) Karakterpoeng er gjennomsnittet av alle talkarakterar, med to desimaler, multiplisert med 10. For fellesfag skal berre karakter(ar) på høgaste nivå inngå i berekninga av karakterpoeng.
- (3) Departementet eller den institusjonen departementet gir fullmakt, kan fastsetje omrekningstabellar for søkerar med International Baccalaureate, fransk baccalauréat eller anna vidaregåande opplæring frå utlandet.
- (4) For søkerar med vitnemål frå norsk gymnas med bokstavkarakterar gjeld fastsett omrekningstabell, jf. § 9-2.

## **§ 7-6. Karakterpoeng for 23/5-søkerar**

- (1) Karakterpoenga skal reknast ut på grunnlag av dei faga som dekkjer generelle og spesielle opptakskrav, og dei faga som gir tilleggsspoeng.
- (2) Karakterpoenga skal reknast ut som gjennomsnittet av alle talkarakterar med to desimalar, multiplisert med 10. For fellesfag skal berre karakter(ar) på høgaste nivå inngå i berekninga av karakterpoeng.
- (3) Søkerar som tilfredsstiller eitt eller fleire generelle eller spesielle fagkrav for opptak på grunnlag av anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar enn faga som er bestått i norsk eller nordisk vidaregåande opplæring, skal rangerast etter § 7-12.

## **§ 7-7. Karakterforbetringar**

- (1) Ved berekning av karakterpoeng utanom kvoten for førstegongsvitnemål skal karakterforbetringar erstatte tidlegare karakter(ar) i same faget.
- (2) Søkerar som får utferda førstegongsvitnemål etter to år i vidaregåande opplæring, kan bruke det påfølgjande året til eventuelle karakterforbetringar og framleis bli vurderte i kvoten for førstegongsvitnemål, jf. § 7-2.

## **§ 7-8. Tilleggsspoeng for realfag og framandspråk frå vidaregåande opplæring**

- (1) Det kan totalt givast inntil 4 tilleggsspoeng for programfag frå programområde for realfag og programfag innanfor «framandspråk» frå vidaregåande opplæring i Kunnskapsløftet. Faga må vere bestått. Det skal ikkje givast utteljing for fag som overlappar kvarandre.
- (2) Alle programfag frå programområde for realfag og programfag innanfor «framandspråk» med eit omfang på 140 timer gir 0,5 tilleggsspoeng, bortsett frå faga matematikk R2, fysikk 2 og «framandspråk» III, som gir 1,0 tilleggsspoeng.
- (3) Søkerar med studieførebuande Vg3 i utdanningsprogram for naturbruk får 0,5 tilleggsspoeng.

(4) Søkjarar med vitnemål frå anna neverande eller tidlegare norsk eller nordisk vidaregåande opplæring som er eller har vore offentleg godkjend, eller med opptaksgrunnlag frå utlandet elles, kan få inntil 4 tilleggsSpoeng når det i utdanninga inngår fagkombinasjonar som må reknast som likeverdige med dei realfaga og framandspråka som etter andre ledd gir rett til tilleggsSpoeng.

### **§ 7-9. TilleggsSpoeng for det underrepresenterte kjønnet**

(1) For å jamne ut forskjellar og oppnå meir likestilling mellom kjønna, kan departementet for enkelte utdanninger fastsette at søkerar av det kjønnet som er klart underrepresentert blant studentar på eller yrkesutøvarar frå vedkommande utdanning, skal ha inntil 2 tilleggsSpoeng for ein avgrensa periode.

(2) Det blir berre gitt tilleggsSpoeng der det er godtgjort at andre verkemidlar ikkje har ført fram. Om erfaringar frå tidlegare opptak synleggjer at tilleggsSpoeng kan resultere i for låg representasjon av eit kjønn, kan ein vurdere om det kan innførast spesielle tiltak, jf. § 7-3.

(3) Ein søknad om å nytte tilleggsSpoeng må mellom anna innehalde ein vurdering av kvifor ein vil ha tilleggsSpoeng eller kvotar, jf. § 7-3. Vurderinga må omfatte både kva kjønnsbalansen på studiet og i yrket er no, og kvifor det er viktig med god kjønnsbalanse i den aktuelle utdanninga. Ein må også vurdere omsynet til samfunnet og brukarane i eit kjønnsperspektiv. Søknader skal omfatte start og sluttspunkt for tiltaket.

### **§ 7-10. TilleggsSpoeng for alder**

(1) Søkjarar utanom kvoten for førstegongsvitnemål som har vitnemål om bestått 3-årig vidaregåande opplæring som gir studie- eller yrkeskompetanse, får 2 aldersSpoeng per år frå og med det året søkeren fyller 20 år, maksimalt 8 poeng.

(2) 23/5-søkjarar får 2 aldersSpoeng per år frå og med det året søkeren fyller 24 år, maksimalt 8 poeng.

### **§ 7-11. TilleggsSpoeng for høgre utdanning, eitt år på folkehøgskole, sivilteneste eller militær førstegongsteneste**

(1) Det blir gitt 2 tilleggsSpoeng for *anten* eit fullført studium eller samla 60 studiepoeng ved universitet eller høgskole *eller* 60 fagskolepoeng, eitt år på ein folkehøgskole med godkjend skoledokumentasjon *eller* fullført militær førstegongsteneste eller sivilteneste.

(2) Eit fullført halvårig studium i høgre utdanning eller fagskole eller 30 studiepoeng/fagskolepoeng gir 1 tilleggsSpoeng.

(3) Søkjarar som har generell studiekompetanse med grunnlag i høgre utdanning eller fagskole kan ikkje få tilleggsSpoeng for denne.

(4) Det kan maksimalt givast 2 tilleggsSpoeng etter denne føresegna.

### **§ 7-12. Rangering av søkerar som ikkje kan poengbereknast**

(1) Kvalifiserte søkerar som ikkje kan poengbereknast, må rangerast i høve til poengbereknna søkerar ved hjelp av ei individuell skjønnsmessig vurdering. For å få tilbod om opptak må søkeren ha likeverdige ferdigheiter og kunnskapar med søkerar som får tilbod om opptak etter rangering på grunnlag av poengbereking.

(2) I vurderinga skal det takast omsyn til om søkeren har eit opptaksgrunnlag og ein fagsamansetnad som er likeverdig med det som gir grunnlag for tilleggspoeng for realfag/framandspråk for søkerar som kan poengbereknast.

(3) I vurderinga skal opptaksorganet leggje vekt på søkerens reelle kvalifikasjonar for studiet, mellom anna norskunnskapane til søkeren.

### **§ 7-13. Rangering på grunnlag av særskild vurdering**

(1) Grunnlag for opptak etter særskild vurdering kan vere at eit anna morsmål enn norsk, sjukdom, funksjonshemming eller andre spesielle forhold gir grunn til å tru at karakterpoengsummen etter føresegna i §§ 7-5 til 7-7 ikkje gir eit rett bilet av kvalifikasjonane til søkeren.

(2) Søkerar som ønskjer å bli vurdert etter denne føresegna, må be om det i søknaden og leggje ved særskild grunngiving og dokumentasjon på dei forholda dei nemner.

(3) Forhold som dei som er nemnde ovanfor, gir ikkje i seg sjølve rett til studieplass. For å få tilbod om opptak må søkeren ha likeverdige ferdigheter og kunnskapar med søkerar som får tilbod om opptak etter § 7-1 til § 7-12 og § 7-14. Søkeren må sannsynleggjere at dei særskilde forholda har hatt innverknad på resultata frå vidaregåande opplæring. Utdanning og andre forhold utover vidaregåande opplæring skal ikkje leggast vekt på.

(4) For studium med opptaksprøve gjeld denne føresegna når tilbod om opptaksprøve eller endeleg rangering heilt eller delvis byggjer på poengbereking etter §§ 7-1 til 7-12.

(5) Søkerar som ikkje får tilbod om opptak etter desse reglane, skal rangerast etter reglane i høvesvis §§ 7-1 til 7-12 og § 7-14.

### **§ 7-14. Rangering på grunnlag av opptaksprøve**

(1) Søkerar til studium som etter §§ 4-4, 4-7, 4-9 og 4-10 har opptaksprøve som spesielt opptakskrav, kan rangerast på éin av desse måtane:

- etter §§ 7-1 til 7-13 åleine
- på grunnlag av opptaksprøve åleine
- på grunnlag av både §§ 7-1 til 7-13 og opptaksprøve

(2) Departementet fastset kva alternativ som skal brukast for dei enkelte studia. Kvote for førstegongsvitnemål, jf. § 7-2, gjeld med mindre departementet har fastsett unntak, jf. § 7-2 femte ledd.

### **§ 7-15. Rangering ved opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning**

Ved opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning, jf. § 3-3, skal søkerar med karakteren mykje godt på fag-/sveineprøven rangerast framfor søkerar med karakteren godt når søkerane elles har den same poengsummen. Har søkerane framleis like mange poeng, skal dei rangerast etter alder, og eldre søkerar går framom yngre søkerar.

## **Kapittel 8. Nasjonal klagenemnd for opptak gjennom Samordna opptak**

### **§ 8-1. Nasjonal klagenemnd for opptak gjennom Samordna opptak**

(1) Reglane for nasjonal klagenemnd gjeld klagar over enkeltvedtak i den nasjonale opptaksmodellen (NOM) for grunnutdanningar ved universitet og høgskolar som Felles studieadministrativt tenestesenter organiserer.

(2) Reglane for nasjonal klagenemnd gjeld ikkje vedtak om opptak på grunnlag av realkompetanse og vedtak om opptak etter at det er gitt dispensasjon frå enkelte av krava om generell studiekompetanse, jf. § 3-6 i universitets- og høgskolelova. Reglane gjeld heller ikkje for klagar på vurdering av spesielle opptakskrav som omfattar ferdigheiter eller opptaksprøvar etter nærmare reglar fastsette av institusjonen. Klagar på slike vedtak skal behandlast i samsvar med den klageordninga som er etablert ved kvar lærerstad.

### **§ 8-2. Korleis klagenemnda skal nemnast opp og vere samansett**

(1) Departementet nemner opp klagenemnda.

(2) Klagenemnda skal ha sju medlemmer og vere slik samansett:

- a) ein leiar og ein nestleiar som skal oppfylle dei krava lova stiller til lagdommarar
- b) tre medlemmer – den eine skal nemnast opp til nestleiar, jf. kravet ovanfor – og varamedlemmene deira frå dei institusjonane forskrifta gjeld for
- c) éin medlem med personleg varamedlem frå forvaltingsområdet for vidaregåande opplæring
- d) to medlemmer og varamedlemmene deira som representative studentorganisasjonar foreslår.

(3) Studentrepresentantane skal normalt nemnast opp for to år.

(4) Sekretariatet for klagenemnda skal ligge i Felles studieadministrativt tenestesenter.

### **§ 8-3. Avgjerd i klagenemnda**

(1) Klagenemnda er vedtaksfør når leiaren eller nestleiaren og minst fire andre medlemmer, av desse éin studentrepresentant, er til stades.

(2) Det kan ikkje klagast på vedtak i klagenemnda.

## **Kapittel 9. Overgangsreglar**

### **§ 9-1. Generell studiekompetanse etter tidlegare ordningar**

(1) Generell studiekompetanse har søkerar som i samsvar med Reform 94 har bestått 3-årig vidaregåande opplæring med grunnkurs, VKI og VKII, eller som har bestått fagopplæring med fagbrev/sveinebrev eller er 23/5-søkerar, og som har desse faga, bestått med karakteren 2 eller betre, frå vidaregåande opplæring (Reform 94):

- norsk (14)
- engelsk (5)
- matematikk (5)
- naturfag (5)
- samfunnsfag (6), som omfattar nyare historie (4) og samfunnslære (2)

har generell studiekompetanse. Faga er oppgitt med gjennomsnittleg vektimetal i parentes.

(2) For søkerar som har lese norsk og samisk med høvesvis (11) + (11) vektimar, gjeld ikkje kravet om 14 vektimar norsk.

(3) Søkerar som har bestått 2-årig teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999, oppfyller krava til generell studiekompetanse.

(4) Søkerar som har fullført og bestått 3-årig vidaregåande opplæring, studieretning for allmenne fag eller studieretning for handels- og kontorfag, har generell studiekompetanse. Tilsvarande gjeld for søkerar som har bestått eksamen artium eller eksamen frå økonomisk gymnas.

(5) Grunnkurs, VKI og VKII i studieretning for handels- og kontorfag med bestått i faga norsk, matematikk, rekneskapslære, engelsk, sosialøkonomi og organisasjonslære, svarer til fagkrava i norsk, engelsk, matematikk og samfunnsfag.

(6) Søkerar som våren 1992 eller tidlegare har teke eksamen eller delprøvar i samfunnsfag ved studieretning for allmenne fag, får godkjent 5 vektimar. Dette kan omfatte geografi, historie og samfunnslære eller samfunnskunnskap.

(7) Søkerar som før 1. juni 1997 er tekne opp til eller kan dokumentere å ha fått ei vurdering av opptaksgrunnlaget sitt ved eit universitet eller ein vitskapleg høgskole på grunnlag av anna høveleg utdanning (tidlegare Veg I-, II- og III-vurderingar), eller som er tekne opp med heimel i § 4 bokstav b punkt 20 i tidlegare forskrift 12. desember 1991 nr. 812 om opptak til regionale høyskoler, har generell studiekompetanse.

(8) Søkerar som er tekne opp før 1. juli 1997, og som har fullført og bestått eit studium i høgre utdanning normert til minst 60 studiepoeng eller to studium normerte til minst 30 studiepoeng, har generell studiekompetanse.

(9) For søkerar med 3-årig vidaregåande opplæring frå Oslo By Steinerskole til og med 2004 og frå andre Rudolf Steinerskolar til og med 2005, gjeld at det skal vurderast individuelt om dei fyller krava til generell studiekompetanse.

(10) Søkerar som har dokumentert engelsk med (2 + 2) vektimar frå grunnkurs og VKI i yrkesfagleg studieretning i Reform 94, oppfyller kravet om engelsk 140 timar, jf. føresegner gitt i medhald av forskrift til opplæringsloven § 24-11 om korleis fag kan erstatte kvarandre frå Reform 94 til Kunnskapsløftet.

## **§ 9-2. Overgangsreglar om rangering**

(1) Omrekningstabell for søkerar med vitnemål frå norsk gymnas med bokstavkarakterar:  
 $S = 6, M = 5, G = 4, T = 4, Ng = 2$

### **§ 9-3. Overgangsreglar for spesielle opptakskrav**

Søkjarar som dokumenterer fastsette spesielle opptakskrav (realfag) med studieretningsfag frå vidaregåande opplæring før Kunnskapsløftet, oppfyller kravet når dei kan dokumentere det fastsette kravet på VKII-nivå eller tilsvarande («høgaste nivå»). Søkjarane blir samtidig rekna for å ha oppfylt lågare nivå i faget.

## **Kapittel 10. Falske vitnemål, falske dokument og dokument utferda av falske institusjonar**

### **§ 10-1. Utfyllande definisjonar til lov om universiteter og høyskoler**

#### **§ 3-7 sjette ledd**

(1) Eit vitnemål eller dokument er falskt dersom det innehold skriftleg eller digital dokumentasjon som ikkje er sannferdig, eller dersom innhaldet i eit opphavleg, skriftleg eller digitalt, vitnemål eller dokument er manipulert eller endra.

(2) Med dokument utferda av falske utdanningsinstitusjonar er meint dokument som er utferda av ikkje-eksisterande utdanningsinstitusjonar eller av utdanningsinstitusjonar som gir urett uttrykk for å ha ei akkreditering etter lov om universiteter og høyskoler § 3-1 eller etter tilsvarande utanlandsk regelverk.

## **Kapittel 11. Iverksetjing**

### **§ 11-1. Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft 15. januar 2017. Oppheva frå same dato blir

– Forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høyere utdanning.

Utgjeve av:  
Kunnskapsdepartementet

Rundskrivkode: F-01-18

Trykk:  
Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa  
- 02/2018 - opplag 100

